**Til medlemmer av kontrollutvalet i Modalen kommune**
Kopi: Ordførar, rådmann, økonomisjef, postmottak og Vestlandsrevisjon IKS

# Innkalling til møte i kontrollutvalet i Modalen kommune

**Møtedato:** 04.05.2022, kl. 09.00 – *ca. 12.00*
**Møtestad:** Formannskapsrommet Flodmaal, kommunehuset

**Saksliste:**

| Saksnr. | Tittel | Vedlegg |
|---|---|---|
| 14/22 | Godkjenning av innkalling og saksliste | |
| 15/22 | Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 23.02.2022 | 1 |
| 16/22 | Skriv og meldingar<br>a. Svar på spørsmål frå FKT til KMD om status for lovtolkning kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet.<br>b. KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021.<br>c. Informasjon om arbeid med rettleiar til kontrollutvala for handsaming av henvendingar.<br>d. Møtegodtgjersle kontrollutvalet (folkevalde organ)<br>e. Årsmeldinga for kontrollutvalet 2021 i kommunestyret | 2 |
| 17/22 | Årsrekneskap og årsmelding 2021 | 3, 4, 5, 6, 7 |
| 18/22 | Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon: orientering om temaa:<br>1) kvalitet i skulefritidsordning og<br>2) rekruttering, løn og tilsettepolitikk | |
| 19/22 | Orientering om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet | |
| 20/22 | Aktuelt i Modalen kommune | |
| 21/22 | Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021 | |
| 22/22 | Budsjett for kontrollutvalsarbeidet 2023 | |
| 23/22 | Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 - 2023 | |
| 24/22 | Møteplan 2022 – eventuelle justeringar | |
| 25/22 | Møteprotokollar frå politiske utval | |
| 26/22 | Eventuelt | |

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no eller tlf.: 97019893.

Innkallinga og sakpapir vert berre sendt elektronisk. Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga:
https://innsyn.sing.no/modalen/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&.

Med venleg helsing

Tom Kristian Thorsen
*Leiar i kontrollutvalet*

Trude Bruket
*Kontrollutvalssekretær*

Modalen kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Region Nordhordland

Dato: 26.04.2022

*Sakshandamar: Trude Bruket*
*e-post:* *trude.bruket@regionnordhordland.no*

# MODALEN KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 04.02.2022

## INNHALD

14/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet ..... 2
15/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.02.2022 ..... 2
16/22 Skriv og meldingar ..... 3
17/22 Årsrekneskap og årsmelding 2021 ..... 5
18/22 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon ..... 7
19/22 Orientering om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet ..... 9
20/22 Aktuelt i Modalen kommune ..... 9
21/22 Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021 ..... 10
22/22 Budsjett kontrollutvalsarbeidet 2023 ..... 11
23/22 Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023: tema rolle og samspel med kommunestyret ..... 13
24/22 Møteplan 2022 ..... 15
25/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval ..... 15
26/22 Eventuelt ..... 15

## 14/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

### SAKSOPPLYSINGAR

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 4. mai 2022 er godkjent.

## 15/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 23.02.2022

*Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 23.02.2022*

### SAKSOPPLYSNINGAR

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 23.02.2022 er godkjent slik den ligg føre.

## 16/22 SKRIV OG MELDINGAR

a) Svar på spørsmål frå FKT til KMD om status for lovtolking kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet.
b) KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021.
c) Informasjon om arbeid med rettleiar til kontrollutvala for handsaming av henvendingar.
d) Møtegodtgjersle kontrollutvalet (folkevalde organ)
e) Årsmeldinga for kontrollutvalet 2021 var oppe som meldingssak i kommunestyret

*Saksvedlegg:*
*Presentasjon av arbeid med rettleiar for handtering av henvendingar til kontrollutvalet*

## SAKSOPPLYSINGAR

a. Svar på spørsmål frå FKT til KMD om status for lovtolkning kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet.

FKT har stil spørsmål til departementet om lovtolking kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet. Svaret presiserer mellom anna at departementet legg til grunn at kravet i kommunelova § 23-1 andre ledd om at minst eitt medlem av kontrollutvalget skal velgast blant kommunestyret sine medlemmar må forståast slik at det også gjeld ved nyval etter § 7-10 fjerde ledd.

Les heile svaret her: https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2022/03/svar-pa-sporsmal-om-status-for-lovtolkning-e1477088_-003.pdf

b. KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin organisasjonsdatabase 2020/2021 er ein database med informasjon om politisk og administrativ organisering i norske kommunar og fylkeskommunar. Datainnsamlinga til organisasjonsdatabasen har vore gjennomført sju gonger tidlegare: I 1995, 1996, og deretter kvart fjerde år.

Frå s. 41 står det om kontrollutval. Dei skriv mellom anna følgande: «*Antall møter i kontrollutvalget har hatt en svak økning siden første gang spørsmålet ble stilt, fra et gjennomsnitt på 4,2 møter i 2003 til 5,5 møter i årets undersøkelse. For antallet saker ser vi en tydelig økning fra år til år.*»

Les heile rapporten her:
https://www.regjeringen.no/contentassets/dc7b75e7ad3b40e097d88b13fd330dcf/organisasjonsdatabasen-2020-sluttrapport.pdf

c. Informasjon om arbeid med rettleiar til kontrollutvala for handsaming av henvendingar.

FKT held på å utarbeida ein rettleiar for korleis ein kan handsama henvendingar til kontrollutvalet. Gruppa som har jobba rettleiaren fram består av kontrollutvalsleiarar og kontrollutvalssekretærar frå ulike delar av landet, sett saman av FKT og NKRF. Rettleiaren ligg no ute til høyring her Høring - Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget - Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no). Presentasjonen av utkastet, som vart gitt på konferanse for kontrollutvalssekretariat i regi av FKT på Lillestrøm 22. og 23. mars, ligg også ved. FKT er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og kontrollutvalssekretariat. Masfjorden kontrollutval er medlem og kan om ynskjeleg sende høyringssvar. Kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland IKS er ikkje medlem i FKT, kun NKRF.

d. Møtegodtgjersle kontrollutvalet (folkevalde organ)

I samband med sakene rekneskap og budsjett for kontrollarbeidet viser det seg at avviket mellom budsjettert og faktisk utbetalt møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt er stor. Difor er politisk sekretariat/administrasjonen bedne om å legga fram reglement for godtgjering til folkevalde, som orientering til kontrollutvalsmedlemmene. Merk at Modalen kommune ikkje betaler ut møtegodtgjersle eller tapt arbeidsforteneste på grunnlag av protokoll, men at den folkevalde sjølv aktivt må fremja krav om møtegodtgjersle.

De finn reglement for godtgjersle til folkevalde og skjema for møtegodtgjersle på nettsida til kommunen her: https://www.modalen.kommune.no/innhald/politikk/formannskapet---kommunestyret---styre-rad-og-utval/ -Om de lurer på noko kring dette kan de kontakta kundetorget på telefon 56 59 90 00.

e. Årsmeldinga for kontrollutvalet 2021 i kommunestyret

Årsmeldinga for Modalen kontrollutval 2021 var oppe som meldingssak i kommunestyret, sak 008/2022.7, den 31.3.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a-e til orientering.

## 17/22 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2021

*Saksvedlegg:*
*Framlegg til uttale, Sekretariatet*
*Revisjonsmelding 2021, Vestlandsrevisjon IKS*
*Rapport etter revisjonen nr. 17, Vestlandsrevisjon IKS*
*Årsmelding 2021, Modalen kommune*
*Rekneskap 2021, Modalen kommune*

### SAKSOPPLYSNINGAR

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, medrekna å vedta årsrekneskap og årsmelding, jfr. kommunelova § 14-2. Årsrekneskapen sin funksjon er å gjere greie for inntekter og bruken av midlane som kommunen har til disposisjon, og må sjåast i samanheng med kommunen si årsmelding. Desse er nokon av dei viktigaste dokumenta ein kommune lagar i løpet av året. Årsrekneskapen skal innehalda driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar.

Detaljeringsgrada og presentasjonsforma for årsrekneskapen og årsmeldinga er i stor grad opp til kommunen sjølv å avgjera, men årsrekneskapen skal vise rekneskapstal på samme detaljnivå som i årsbudsjettet. Kommunelova § 14-6 viser korleis kommunar skal utarbeida årsrekneskap, og § 14-7 omtalar kva som er lovpålagt å ha med i årsmeldinga.

Kommunelova §14-6 og 14-7 seier også at årsrekneskapen og årsmeldinga skal leverast innan høvesvis 22.02. og 31.03. Fristen for revisjonsmelding er sett til 15.04. (19.04. i 2022 p.g.a. påske), og kommunestyret må handsama årsrekneskap og årsmelding innan 30.06. Rekneskapen og årsmeldinga var levert innan tidsfristane 22. februar og 31. mars, og inneheld dei delane som lov og forskrift krev.

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a) sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein forsvarleg måte. Revisor sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon vert omtala nærare i kommunelova kapittel 24, og seier mellom anna at revisor skal vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift.

Årsrekneskapen er revidert av Vestlandsrevisjon IKS. Revisjonsmeldinga er datert 19.04.21. Meldinga er rei. Det inneber at revisor meiner at årsregnskapen og den konsoliderte rekneskapen gir eit dekkande bilete av kommunen si finansielle stilling ved årsskiftet og av regnskapsresultatet.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak. Kontrollutvalet skal vidare sjå til at dei punkta rekneskapsrevisor peikar på vert retta eller følgt opp, jf. § 3.

<u>Vurdering</u>
Kontrollutvalet si oppgåve å uttale seg kortfatta om årsrekneskapen er revidert på forsvarleg måte, utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk samt kontrollutvalet sine eventuelle instruksar og avtalar med revisor. I tillegg at årsmeldinga omtalar dei forhold lova krev.

Sekretariatet viser til at alle fristar kring levering av rekneskapen er haldne og at revisor har gitt ei rein melding (normalberetning).

Sekretariatet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga i stor grad tilfredsstiller brukarane sitt informasjonsbehov. Årsmeldinga og rekneskapen er ryddig og gjev informasjon om kommunen sine tenester. Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 c- f er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillande måte.

Måltal er omtala i årsmeldinga, og viktige måltal som netto driftsresultat, avsetning til disposisjonsfond og lånegjeld er alle oppnådde og omtala i årsmeldinga. Avvik i høve budsjetterte løyvingar er også omtala.

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å gje ein uttale i samsvar med vedlagte forslag. Kontrollutvalet har likevel høve til å knyte ytterlegare kommentarar til årsrekneskap og årsmelding.

Den vedtekne uttalen vert vidaresendt til formannskapet og kommunestyret.

Administrasjonen vil i møtet legge fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 og revisor gjennomgår revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2021.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

# 18/22 OPPFØLGING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

## SAKSOPPLYSNINGAR

Til dette møtet er rådmannen beden om å gje orientering om temaa:

1) kvalitet i skulefritidsordning og
2) rekruttering, løn og tilsettepolitikk

Orienteringane kjem som ein del av kontrollutvalet sin prosess med å avklare tema, formål og problemstillingar for ein forvaltningsrevisjon.

### BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon i sak 058/20 med følgjande prioriterte område:

1. Oppfølging av politiske vedtak
2. Etikk, varsling og habilitet
3. Internkontrollsystem

Det var vidare i vedtaket ei uprioritert liste med følgjande tema:

- Rekruttering, løn- og tilsettepolitikk
- IKT Nordhordland (felles forvaltningsrevisjon av selskap)
- Avvikssystem og oppfølging
- Vassforsyning og vasskvalitet
- Samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar
- Offentlegheit, innsyn og personvern
- Kvalitet i skulefritidsordning.

Kommunestyret delegerte mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen.

I sak 40/21 i siste møtet i 2021 diskuterte kontrollutvalet vidare oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon og ynskte å få overordna orienteringar om ei rekkje av temaa i planen.

I førre møte, sak 06/22, fekk kontrollutvalet orienteringar frå rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke om følgjande område:

- Oppfølging av politiske vedtak
- Etikk, varsling og habilitet
- Internkontroll
- Tenester levert av andre kommunar

Presentasjonen vart lagt ved protokollen som vedlegg.

Etter ei drøfting om vidare prosess gjorde kontrollutvalet følgande vedtak i sak 06/22:

Kontrollutvalet ynskjer orientering om temaa kvalitet i skulefritidsordning og rekruttering, løn og tilsettepolitikk i neste møte, før kontrollutvalet drøftar problemstillingar til eit forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Assisterande rådmann og rektor/skulefagleg ansvarleg stiller frå administrasjonen og orienterer om temaa i dette møtet.

Etter orienteringa i møtet vert det lagt opp til ei drøfting med føremål om at kontrollutvalet spissar seg inn mot eitt eller fleire tema som det kan gjerast ein forvaltningsrevisjon innan. Målet er å bestilla ei prosjektskisse/ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt hos revisor i juni-møtet.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Kontrollutvalet ynskjer ei meir detaljert orientering om tema …. i neste møte, før skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon vert bestilt.

## 19/22 ORIENTERING OM RAPPORTERINGSPROSEDYRAR FOR TILSKOTSMOTTAKARAR FRÅ NÆRINGSFONDET

### SAKSOPPLYSNINGAR

Under sak 12/22 i førre møte kom det opp spørsmål om prosedyrar for rapportering frå tilskotsmottakarar som får tilskot frå næringsfondet. Då det ikkje var nokon til å svara på dette i møtet ynskte kontrollutvalet å koma attende til temaet, og gjorde følgande vedtak:

> Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Kontrollutvalet ynskjer å få orientering frå ordførar om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet til neste møte.

Ordførar Kjetil Eikefet er difor invitert til å orientera om dette i møtet.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## 20/22 AKTUELT I MODALEN KOMMUNE

### SAKSOPPLYSINGAR

Rådmann og ordførar er invitert til å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Modalen kommune.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

# 21/22 REKNESKAP FOR KONTROLLUTVALSARBEIDET 2021

## SAKSOPPLYSINGAR

Økonomisjef Magne Verpelstad har sendt over eit uttrekk frå 2021-reknskapen, teneste 1100, der alle kostnader knytt til kontrollarbeidet i kommunen er ført. Kommunen fører kostnadane til dette slik det skal gjerast. Kommunen sitt faktiske budsjett og kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett har same totalsum, men budsjettpostane varierer noko i innhald/sum. Rekneskapen for kontrollutvalsarbeidet for 2021 viser er eit avvik mellom rekneskap og budsjett, med eit mindreforbruk på ca. kr. 69 000,-. Dette knyter seg i stor grad til møtegodtgjersle og kursutgifter. Til dømes er det ikkje gjennomført opplæring og kurs i 2021, noko som i størst grad nok skuldast covid-19-pandemien. I tillegg er utbetalt møtegodtgjersle lågare enn budsjettert. Det ser ut som ikkje alle kontrollutvalsmedlemmene gjer krav om møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for alle møte.

### KOMMUNEN SINE REKNESKAPS- OG BUDSJETTAL FOR KONTROLLARBEIDET I 2021:

| | **2021** |
|---|---|
| Revisjon | 514 806,00 |
| Sekretariatstenester | 61 618,00 |
| Godtgjersle | 19 725,00 |
| Div møteutg | 1 261,00 |
| Kontingenter og faglitteratur | 3 500,00 |
| Opplæring | |
| **Totalt** | **600 910,00** |

### OPPSETT REKNESKAP I HØVE BUDSJETTFRAMLEGG:

| **Modalen kontrollutval** | **Rekneskap 2021** | ***Budsjettframlegg KU 2021*** | ***Avvik*** |
|---|---|---|---|
| Revisjon | kr 514 806 | *kr 500 000* | *-kr 14 806* |
| Sekretariat | kr 61 618 | *kr 62 000* | *kr 382* |
| Godtgjersle leiar, medlemmer, vara | kr 19 725 | *kr 80 000* | *kr 60 275* |
| Diverse møteutgifter | kr 1 261 | *kr 4 000* | *kr 2 739* |
| Kontigenter (FKT/faglit.) | kr 3 500 | *kr 4 000* | *kr 500* |
| Opplæring kontrollutvalet | kr 0 | *kr 20 000* | *kr 20 000* |
| **Totalt** | **kr 600 910** | ***kr 670 000*** | *kr 69 090* |

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

# 22/22 BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2023

## SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 utarbeide spesifisert forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Etter kommunelova § 14-3 skal dette framlegget følgje innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret.

Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, som mellom anna skal dekka utgifter til aktiviteten i kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon.

Kontrollutvalet er eit lovpålagd utval, og har ei sentral rolle i eigenkontrollen i kommunen. Kontrollutvalet har fleire oppgåver som er regulerte i lov og forskrift, og skal mellom anna uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga frå kommunen, utarbeide planar for, og bestille, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og rapportere til kommunestyret om dette.

Budsjettet til kontrollutvalet må innehalde kostnader knytte til revisjonsaktivitetar, sekretariatsarbeid, møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt, opplæring gjennom kurs og konferansar og møteutgifter mellom anna. Det er også anbefalt at budsjettet for kontrollarbeidet inneheld ein budsjettpost til uføresett kontrollarbeid.

Kostnader knytt til revisjon og kontrollutvalsekretariat er avtalefesta, gjennom selskapsavtalane for Vestlandsrevisjon IKS og sekretariattenesta i Region Nordhordland IKS (RNI).

I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2023. Dei seinare åra har det stort sett vore gjennomført 4-5 møter. Dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår kan det verta behov for fleire møte eller meirarbeid for revisor og/eller sekretariat.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2023:

| Budsjett Modalen kontrollutval 2023 | Utgifter | Merknader |
|---|---|---|
| Revisjon | kr 546 000 | 1) |
| Sekretariat | kr 72 000 | 2) |
| Godtgjersle leiar, medlemmer, vara | kr 75 000 | 3) |
| Diverse møteutgifter | kr 6 000 | 4) |
| Kontigenter (FKT/faglit.) | kr 6 000 | 5) |
| Opplæring kontrollutvalet | kr 30 000 | 6) |
| Uføresett kontrollarbeid | kr 0 | 7) |
| **Totalt** | **kr 735 000** | |

1) Kostnad til revisjon følgjer av avtale til Vestlandsrevisjon IKS. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2022.

2) Kostnad til kontrollutvalssekretariat følgjer av avtalt kostnadsfordeling mellom eigarkommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2022. Prinsippa om omfanget av arbeidet for sekretariatet ikkje endra sidan ordninga starta i 2005 og kommunane vart einige om ein avtale om sekretariattenester frå Region Nordhordland IKS. Etter dette har arbeidsmengda i kontrollutvala auka (KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021). I 2014 gjennomførte Deloitte ei evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat der dei anbefalte tydelegare nasjonale føringar som konkretiserer innhaldet i sekretariatets oppgåver. Etter dette er det kome til fleire lovkrav og fleire rettleiarar knytt til kontrollutvala og sekretariatet si drift. På bakgrunn av auka arbeidsmengd i kontrollutvalssekretariatet vert det gjort ei justering i 2023 som er noko høgare enn prisjusteringa, men kun 4000 kr over framlegget til budsjett for 2022. Behovet for ytterlegare styrking av sekretariatsressursen vidare vert vurdert i samband med budsjettframlegg for seinare år.

3) Kontrollutvalet sine eigne utgifter er knytt til fast årleg godtgjerdsle, tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter m.m.

4) Diverse møteutgifter som møtemat, og evt. møterom.

5) Abonnement på faglitteratur. Medlemskap i FKT.

6) Kontrollutvalet bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert jamleg arrangert kurs for kontrollutval av blant anna fagorganisasjonane NKRF og FKT.

7) I budsjettforslaget er det ikkje teke høgde for ekstraordinært ressursbehov i kontrollsamanheng i 2023. Dette særleg med omsyn til at kommunen er liten. Kontrollutvalet har elles høve til å be kommunestyret om ekstra midlar dersom det vert naudsynt å gjennomføre uføresette kontrolloppgåver.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2023 på kr 735 000,-.

## 23/22 OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALET SI EIGENVURDERING UNDERVEGS I PERIODEN 2019 – 2023: TEMA ROLLE OG SAMSPEL MED KOMMUNESTYRET

### SAKSOPPLYSINGAR:

I sak 11/22 la kontrollutvalssekretær fram resultat av eigenevalueringa som vart gjennomført i desember 2021. Presentasjonen vart sendt ut saman med protokollen i etterkant av møtet.

Evalueringsarbeidet vert følgt opp i 2022, og i dette møtet vert det lagt opp til ei drøfting av to av temaa som peika seg ut som mest aktuelle å følga opp vidare:

- kontrollutvalet si rolle/sitt mandat
- forholdet til, og samspelet med, kommunestyret (som kontrollutvalet arbeider på vegne av).

Resultata frå den digitale undersøkinga innafor desse områda var slik:

*Skala 1-5 – gjennomsnittet viser til gjennomsnittet av alle dei 33 svara frå medlemmer i dei sju kontrollutvala Region Nordhordland IKS har sekretariatsansvar for.*

- KU skal på vegne av kommunestyret kontrollera korleis den kommunale verksemda vert driven. Kor godt opplever du at KU fyller rolla?
    - Modalen: 5-4-4-4-4 (Gjennomsnitt: 3,97)
- Korleis opplever du at saksfokuset i KU samstemmer med utvalet sitt mandat?
    - Modalen: 5-5-5-5-4 (Gjennomsnitt: 4,00)
- Korleis vurderer du opplæringa du har fått om oppgåvene, mandatet og rolla til KU?
    - Modalen: 5-4-4-3-3 (Gjennomsnitt: 3,79)
- Korleis fungerer kommunikasjonen og informasjonsflyten mellom kontrollutvalet og kommunestyret?
    - Modalen: 5-4-4-3-3 (Gjennomsnitt: 3,09)
- Ordførar har møte og talerett i KU – kor nøgd er du med ordførar si involvering i KU sine møter?
    - Modalen: 5-4-4-4-3 (Gjennomsnitt: 3,85)
- Opplever du at vedtaka i KU har innverknad på kommunestyret sine drøftingar/vedtak?
    - Modalen: 4-4-3-3-3 (Gjennomsnitt: 3,12)

<u>Fagleg bakgrunn for diskusjon i møtet:</u>
Sekretariatet anbefaler kontrollutvalsmedlemmene å friske opp følgande styringsdokument for kontrollutvalsarbeidet i forkant av møtet:

- Kontrollutvalet sitt mandat, som beskrive i kommunelova § 23 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) - Lovdata
- Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner - Lovdata
- Om dei to temaa i siste, oppdaterte versjon av Kontrollutvalsboka - regjeringen.no

- NKRF – kontroll og tilsyn laga ein hjelpeartikkel til kontrollutvalsmedlemmer som vart valt i samband med kommunestyrevalet i 2019. Denne kan vera nyttig å lesa, og ligg på denne lenka: Hjelp – jeg er ny i kontrollutvalget! - NKRF

Det vert lagt opp til drøfting av dei to temaa i møtet med mål om å få fram viktige aspekt rundt rolla til kontrollutvalet og korleis denne vert handtert av kontrollutvalsmedlemmer og kontrollutvalet som heilskap, og korleis forholdet til kommunestyret fungerer og kan fungere betre. Drøftingane bør resulter i nokre forslag til tiltak som kan sikra at både rolleforståing og forholdet til kommunestyret kan styrkast ytterlegare.

Nokre punkt som kan gi støtte til drøftinga:

Kontrollutvalet si rolle:

- Rolle som kontrollorgan – kva seier lov og forskrift?
- Ikkje-politisk kontroll, utført av folk med politisk interesse – utfordringar?
- Saker i høve mandat – kva saker skal og kan kontrollutvalet handsama?
- Utøve kontrolloppgåve i ein veldig liten kommune. Særskilte utfordringar?
- Opplæring – ynskjer – format på opplæring (merk at det er ein del kurs i regi av fkt.no og nkrf.no)

Kommunikasjonsflyt mellom KU og kommunestyret (ha rolla med i mente i denne diskusjonen):

- Korleis kan ideelt sett kommunikasjon med kommunestyret føregå?
- Kommunikasjon og dialog med ordførar – litt ulike meiningar – korleis vil de ha det?

## FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte i 2022.

## 24/22 MØTEPLAN 2022

### SAKSOPPLYSINGAR

Møteplan for 2022 vart vedteken med forbehold om endringar i sak 11/22. Møteplanen inneheld ein tentativ plan for kva saker som skal opp i dei ulike møta i løpet av 2022. Nokre saker er etter samråd med leiar flytta fram til dette møtet. Det er fornuftig å ta opp møteplanen i fellesskap i møta, for å sjå om det skal gjerast enkelte justeringar.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteplan vert justert med små endringar i tentativ plan for saker til kvart møte og lagt ved protokoll til orientering. Datoar for møta står fast.

## 25/22 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

### SAKSOPPLSYINGAR

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Kontrollutvalsmedlemmene kan i dette faste sakspunktet orientere kvarandre om politiske saker som er relevante for utvalsmedlemmene å kjenne til.

Lenke til politisk møtekalender:
https://innsyn.sing.no/modalen/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## 26/22 EVENTUELT

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*

# Modalen kontrollutval

## Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| Møtedato: | 23. februar 2022 kl. 09.00 – 13.00 |
| Stad: | Formannskapsrommet, kommunehuset |
| Tilstades: | Ove Eidsnes (nestleiar), Sigrunn Almelid Birkeland (medlem), Bjørn Helge Venås (medlem) |
| Forfall: | Tom Kristian Thorsen (leiar) og Linda Tollefsen (medlem). Begge forfall var meldt så seint at det ikkje var tid til å kalla inn varamedlem. |
| Andre: | Ordførar Kjetil Eikefet, rådmann Jo Tømmerbakke (via Teams) og økonomisjef Magne Verpelstad (i sak 05/22) |
| Revisor: | Revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS |
| Sekretær: | Trude Bruket, Region Nordhordland IKS |

---

### 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

*Framlegg til vedtak:*
*Innkalling og sakliste er godkjent.*

Behandling i møtet:
Før møtet starta vart det avklara at kontrollutvalet var vedtaksdyktige med tre av fem frammøtte medlemmer.

**Samrøystes vedtak:**
Innkalling og sakliste er godkjent.

## 02/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 24.11.2021

Saksvedlegg:
*Møteprotokoll frå Modalen kontrollutval, 24.11.2021*

*Framlegg til vedtak:*
*Møteprotokollen frå møtet 24.11.2021 er godkjent.*

**Samrøystes vedtak:**
Møteprotokollen frå møtet 24.11.2021 er godkjent.

## 03/22 Skriv og meldingar

a. Budsjett kontrollutvalsarbeidet 2022

*Framlegg til vedtak:*
*Kontrollutvalet informasjon om budsjett til orientering.*

Handsaming i møtet:
Rådmann Jo Tømmerbakke bekrefta at budsjettframlegget til kontrollarbeidet i sak 30/21 er lagt inn i kommunebudsjettet slik som tilrådd frå kontrollutvalet. Ramma for kontrollarbeidet i 2022 er på kr. 720 000,-

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tek informasjon om budsjett til orientering.

## 04/22 Rapport/orientering om interimsrevisjon

Saksvedlegg:
*Vedlegg: Revisjonsrapport interim 2021*

*Framlegg til vedtak:*
*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

Behandling i møtet:
Revisjonssjef Janne Eraker presenterte interimsrapporten. Det er god orden på økonomiområdet i Modalen. Kommunen er i stor grad ajour. Men det er sårbart i ein liten kommune, dersom sjukdom hos nøkkelpersonell. Testane har ikkje avdekka avvik, men ikkje alle kontrollar vert dokumenterte.

Kontrollutvalsmedlemmene kommenterte at det er positivt at det er god kontroll på økonomiområdet i kommunen.

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**05/22 Orientering om status for årsrekneskapen 2021**

*Framlegg til vedtak:*
*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

Behandling i møtet:
Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om status for årsrekneskapen 2021. Rekneskapet er ferdig, til fristen i går. Driftsresultatet er positivt. Det er kome meirinntekt på konsesjonskraft og skatteinngang på grunn av auka inntektsutjamning.

Investeingar har vore innafor løyvingane på alle prosjekt bortsett frå rassikring.

Kontrollutvalet kommenterte at det var positivt.

Rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke kommenterte kostnadane til rassikringsarbeidet, og at det kjem ny sak i kommunestyret om dette.

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## 06/22 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon: Orienteringar frå administrasjonen

*Framlegg til vedtak:*
*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*

*Kontrollutvalet ynskjer ei meir detaljert orientering om tema …. i neste møte, før skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon vert bestilt.*

Behandling i møtet:
Rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke orientert kort om følgjande område

- Oppfølging av politiske vedtak
- Etikk, varsling og habilitet
- Internkontroll
- Tenester levert av andre kommunar

Presentasjonen vert lagt ved protokollen som vedlegg.

Kontrollutvalet drøfta vidare prosess.

Rådmann gav innspel om at det kjem ein plan for vassforsyning, då dette temaet vart nemnt fordi det står på den uprioriterte lista i plan for forvaltningsrevisjon.

Revisor orienterte kort om prosessen fram mot bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kva som er viktig å tenka på i denne prosessen. Revisor føreslo setja opp eitt ekstra kontrollutalsmøte i juni.

Kontrollutvalet kom fram til eit felles framlegg til nytt vedtak:

*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Notatet frå rådmann vert lagt ved protokoll.*

*Kontrollutvalet ynskjer orientering om temaa kvalitet i skulefritidsordning og rekruttering, løn og tilsettepolitikk i neste møte, før kontrollutvalet drøftar problemstillingar til eit forvaltningsrevisjonsprosjekt.*

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Notatet frå rådmann vert lagt ved protokoll.

Kontrollutvalet ynskjer orientering om temaa kvalitet i skulefritidsordning og rekruttering, løn og tilsettepolitikk i neste møte, før kontrollutvalet drøftar problemstillingar til eit forvaltningsrevisjonsprosjekt.

**07/22 Aktuelt i Modalen kommune**

*Framlegg til vedtak:*
*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*

Behandling i møtet:
Ordførar Kjetil Eikefet orienterte om:

- Svar frå statsforvaltaren, som har gitt avslag på søknad om utgreiing av justering av kommunegrense mellom Alver og Modalen.
- Revisjon av konsesjonsvilkår, og oppdrag frå kommunestyret om å kalla inn Eviny til møte. Dette møtet er under planlegging.
- Industriutvikling Vest har levert to rapportar, om Modalen næringsbygg og om potensiale for næringsutvikling generelt i Modalen. Sistnemnde vert teken tak i no.

Konrollutvalsmedlemmer kommenterte og stilte spørsmål.

Rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke orienterte kort om:

- Tonje Husum Aarland tiltrer som assisterande rådmann 7.3.2022
- Oppfølgingar av nytt kommunebygg.
- Utfordringar og planlegging av organisering av tenester i samband med covid 19-pandemien.

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## 08/22 Årsmelding for Modalen kontrollutval 2021

Saksvedlegg:
*Vedlegg: Framlegg til årsmelding for Modalen kontrollutval 2021*

*Framlegg til vedtak:*
*Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2021 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.*

Behandling i møtet:
Kontrollutvalssekretær Trude Bruket gav ei overordna orientering om Årsmeldinga for Modalen kontrollutval 2021.

Det vart peika på at det står feil kommunenamn ein stad i dokumentet. Dette vart retta, og kontrollutvalet kom med eit felles framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2021 slik den ligg føre, med den rettinga som vart peika på i møtet. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.*

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2021 slik den ligg føre, med den rettinga som vart peika på i møtet. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.

## 09/22 Årsmelding for kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland (RNI) 2021

Saksvedlegg:
*Vedlegg: Årsmelding for kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland IKS (RNI) 2021*

*Framlegg til vedtak:*
*Kontrollutvalet tek årsmeldinga for kontrollutvalssekretariatet til orientering.*

Behandling i møtet:
Kontrollutvalssekretær Trude Bruket gav ei overordna orientering om årsmeldinga frå kontrollutvalssekretariatet for 2021. Årsmeldinga er tenkt som orientering til alle kontrollutvala RNI føl opp, og som orientering til Regionrådet i Nordhordland og styret i RNI.

Kontrollutvalsmedlmmene stilte spørsmål og fekk svar.

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tek årsmeldinga for kontrollutvalssekretariatet til orientering.

## 10/22 Orientering om resultat av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023.

*Framlegg til vedtak:*
*Evalueringsarbeidet vert følgt opp vidare av kontrollutvalet i samband med møter.*

Behandling i møtet:
Kontrollutvalsekretær Trude Bruket presenterte evalueringa som vart gjennomført i løpet av desember 2021, samt forslag til drøftingsoppgåver for det vidare utviklingsarbeidet. Presentasjonen vert lagt ved protokoll.

Kontrollutvalet drøfta resultata frå undersøkinga i møtet, og diskuterte vidare prosess for å følga opp evalueringa.

**Samrøystes vedtak:**
Evalueringsarbeidet vert følgt opp vidare av kontrollutvalet i samband med møter.

## 11/22 Møteplan for 2022

*Framlegg til vedtak:*

*Møteplanen vert oppdatert med møtedatoane 18. mai, 7. september og 7. desember, samt tentativ årsplan, og lagt ved protokoll som vedlegg.*

Behandling i møtet:
Kontrollutvalssekretær Trude Bruket la fram møteplan med forslag til møtedatoar for resten av året og nytt oppsett med oversikt over tentative saker gjennom året i møtet.

Kontrollutvalet kom med felles framlegg om å endra nokre datoar, og å legga til eit møte i juni, og føreslo følgande vedtak:

*Møteplanen vert oppdatert med møtedatoane 4. mai, 22. juni, 7. september og 7. desember, samt tentativ årsplan, og lagt ved protokoll som vedlegg.*

Samrøystes vedtak:

Møteplanen vert oppdatert med møtedatoane 4. mai, 22. juni, 7. september og 7. desember, samt tentativ årsplan, og lagt ved protokoll som vedlegg.

## 12/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

*Framlegg til vedtak:*
*Ingen framlegg til vedtak i denne saka.*

Behandling i møtet:
Sigrunn orienterte kort og overordna om saker frå politiske utval.

Det vart stilt spørsmål om prosedyrar for rapportering frå tilskotsmottakarar som får tilskot frå næringsfondet.

Kontrollutvalet kom med eit felles framlegg til vedtak i saka:

*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Kontrollutvalet ynskjer å få orientering frå ordførar om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet til neste møte.*

Samrøystes vedtak:
Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Kontrollutvalet ynskjer å få orientering frå ordførar om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet til neste møte.

## 13/22 Eventuelt

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*

Behandling i møtet:
Kontrollutvalsmedlem tok opp mogleg deltaking på FKT sin kontrollutvalskonferanse 8.-9. juni.

Kontrolluvalet kom med felles framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek ein avklaringsrund på e-post, for å avklara kven og om nokon reiser på konferansen.*

Samrøystes vedtak:
Kontrollutvalet tek ein avklaringsrund på e-post, for å avklara kven og om nokon reiser på konferansen.

*Neste møte i konjtrollutvalet er 4. mai.*

Modalen, 23.02.2022

Ove Eidsnes

*Nestleiar i kontrollutvalet*

Trude Bruket

*Kontrollutvalssekretær*

Forum for kontroll og tilsyn

# Håndtering av henvendelser

## Veileder til bruk for kontrollutvalgene

24. mars 2022

# Arbeidsgruppen



- Gruppens medlemmer:
  - Henning Warloe, leder kontrollutvalget Bergen
  - Trond Egil Nilsen, leder kontrollutvalget Måsøy
  - Ragnhild Aashaug, rådgiver Kontrollutvalg Fjell IKS
  - Solveig Kvamme, rådgiver Sunnmøre Kontrollutvalsekr. IKS
  - Hilde Rasmussen Nilsen, 2. vara styret FKT
  - Anne-Karin F. Pettersen, generalsekretær FKT



*ill. Kartverket*

24.03.2022



Formålet med veilederen er å gi råd og anbefalinger til kontrollutvalgene til hjelp for å håndtere henvendelser

ill. privat

# Kontrollutvalet – mandat og roller

- Kontrollutvalget kommunestyrets kontrollorgan.
- Mandat og forhold til kommunestyret
- God rolleforståelse
  - Styringsrolle knytt til oppfølging og kontroll på vegne av
  - Arbeidsmåte som kollegie

Kontrollutvalget er et offentlig organ og det forventes at sekretariatet ivaretar organets journalførings- og arkivplikt. Henvendelser til kontrollutvalget fordrer en formell håndtering.

# Arkivsak, dokument og journalpost…

## Hva er sak, dokument og journalpost?

Et dokument er ofte omtalt som en journalpost, det kan være et inngående, utgående eller internt dokument. En journalpost altså er et journalført dokument i arkivet. Et dokument vil alltid være tilhørende en sak, og en sak kan ha alt fra ett til hundrevis av dokument.

I en sak kan en finne en eller flere journalposter som hører sammen, har en likhet eller sammenheng.



*ill. Difi*

fkt



Kontrollutvalgets medlem får en SMS fra en bekjent der det gis informasjon som er interessant og som medlemmet tenker at kontrollutvalget bør se nærmere på. Kontrollutvalgets medlem takker avsender for informasjonen og informerer om at den blir lagt fram for kontrollutvalget til vurdering.



ill. Arkivverket

Kontrollutvalgets medlem kan ta skjermdump av den eller videresende selve meldinga til sekretariatet.

# Anbefaling 1:

## I tråd med god forvaltningsskikk, bør alle skriftlige henvendelser til kontrollutvalget gå til sekretariatets postmottak, for journalføring.





# Anbefaling 2:

# Muntlige henvendelser bør skriftliggjøres

# Anbefaling 3:

**Den som henvender seg til kontrollutvalget bør få en skriftlig tilbakemelding på at henvendelsen er mottatt.**

**Eksempel på fast svar:**

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av ……………. kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på heimesida vår.

Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det ei henvending tek opp.

På generelt grunnlag kan ein seie at det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

*kilde: Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS*

# Anbefaling 4:

**Kontrollutvalget bør utarbeide egne retningslinjer for håndtering av henvendelser.**

**Disse bør inneholde en fremgangsmåte for saksbehandling av henvendelser.**

# Anbefaling 5:

## Kontrollutvalget bør bruke «trafikklysmodellen» når kontrollutvalget skal vurdere om innholdet i en henvendelse skal følges opp.

| **Sentrale spørsmål – «Trafikklysmodellen»**<br><br>**Kryss på røde felt peker i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt taler for å følge opp henvendelsen.** | **Ja** | **Delvis** | **Nei** | **Ukjent** |
|---|---|---|---|---|
| Vedrører henvendelsen misnøye med et politisk fattet vedtak? | | | | |
| Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet? | | | | |
| Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak? | | | | |
| Viser henvendelsen til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område? | | | | |
| Dreier henvendelsen seg i hovedsak om en isolert hendelse? | | | | |
| Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)? | | | | |
| Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)? | | | | |
| Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker? | | | | |
| Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse? | | | | |
| Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll? | | | | |
| Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring? | | | | |
| Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver? | | | | |



*kilde: Deloitte*

## Anbefaling 6:

**Kontrollutvalget bør unngå å gå videre med saker som utrykker generell misnøye med et politisk fattet vedtak, dreier seg om en personlig enkeltsak, er under behandling i at annet organ eller har en annen naturlig behandlingsvei.**

# Anbefaling 7:

## Kontrollutvalget bør i sitt budsjett ta høyde for uforutsette kontrollhandlinger.

# Anbefaling 8:

## Kontrollutvalget bør drøfte hvordan utvalget vil synliggjøre sin rolle og mandat, og hvorfor utvalget ønsker å motta henvendelser.

# Høringsperiode og Fagkonferansen i juni 2022

Til Modalen kommune v/kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2021

Kontrollutvalet har i møte den 04.05.2022 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 for Modalen kommune som er avgitt av rådmannen den 22.02.22 og 31.02.22, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 19.04.2022 og rapport om årsrekneskapen nr. 17.

Kommunen har i 2021 eit netto driftsresultat på kr. 7 309 131,77,-. Økonomisjef og assisterande rådmann har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering om årsregnskap og årsmelding og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen/årsmeldinga. Revisor har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering i møtet og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2021 blir godkjent slik det ligg føre.

Ut over det som er nemnd som utfordringsbilete i årsmeldinga, samt revisjonsmeldinga av 19.04.2022 og rapport om årsrekneskapen nr. 17 har kontrollutvalet ikkje merknader til Modalen kommune sin årsrekneskap for 2021.

Kontrollutvalet vil elles i løpet av 2022 følgje opp revisor sine kommentarar.

Modalen, 02.05.2022

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

FRAMLEGG



# RAPPORT OM ÅRSREKNESKAPEN 2021, NR 17

## Modalen Kommune

## Innleiing

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2021. Vårt arbeid er utført med heimel i Kommuneloven kapittel 24 som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Kommuneloven § 24-2 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA). Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil. Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlegheit og omfattar mellom anna stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

Uavhengig melding frå revisor er for 2021 ei såkalla "normalberetning". Det inneber at revisjonen ikkje har avdekka og påvist vesentlege feil og manglar i årsrekneskapen eller i kommunen si øvrige rapportering. Vi har ved våre testar av kontrollar og vurdering av kommunen sitt interne kontrollsystem ikkje avdekt svakheiter av vesentleg omfang.

Med vesentlege feil og manglar i årsrekneskapen meines feil og manglar som ville kunne påverke brukarane av rekneskapen si oppfatning og vurdering av den økonomiske rapporteringa. Med vesentlege manglar i kommunen sitt interne kontrollsystem, meines vesentlege feil og manglar som ikkje blir løpande avdekt av administrasjonen sine eigne rutinar og system.

Vi har for 2021 avgitt ein normalberetning, men det er nokre tilhøve vi vurderer som forbetringsområde og ønskjer å sette fokus på. Dette blir gjort i denne rapporten som oppsummerar nokre av tilhøva som følgjer av vår revisjonsgjennomgang dette året. Vi vil også vise til forenkla etterlevingskontroll for 2021 som blir sendt til kontrollutvalet innan 30. juni 2022.

## Avvik mellom budsjett-tal i endeleg rekneskap og vedteke budsjett 2021, løyvingsoversyn investering

Det er eit avvik mellom vedteke budsjett for 2021 knytt til løyvingsoversyn investering og tala for budsjett i endeleg rekneskap. Årsaka til dette er ein feil i budsjettdokumentet for 2021 i oppstillinga løyvingsoversyn investering.

Det vart i budsjettet lagt til grunn at investeringane i 2021 skulle finansierast med eigne fondsmidlar med totalt kr 8 277 490. I budsjettoversynet vart heile dette beløpet lagt på linja for «Netto avs til eller bruk av ubundne investeringsfond». Det meste av dette beløpet skulle eigentleg vore bruk av disposisjonsfond med

kr 6 199 490. Kr 2 078 000 gjaldt midlar som var ubundne investeringsfondsmidlar. Bruken av disposisjonsfond skulle vore lagt som overføring frå drift. I driftsbudsjettet skulle bruken av disposisjonsfond vore lagt inn, og tilsvarande beløp på overføring til investering. Budsjett-tala i endeleg rekneskap er forskjellig frå vedteke budsjett for å justere for denne feilen, og avviket er forklart i rekneskapen. Revisjonen vurderar dette til å ikkje vere ein vesentleg feil.

### Uteståande krav og avdrag lån

For å redusere risikoen for at kommunen taper inntekter er det viktig at innkrevjingsrutinar med fast purring og vidare tiltak prioriterast, samt at avdrag på lån blir fakturert og følgt opp jamleg. Dette har vi omtala også i tidlegare års rapportar. Vi rår til at dette arbeidet framleis blir prioritert.

### Anleggsregister og gjennomgang utnyttbar levetid

Etter forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner m.v. § 3-4 skal anleggsmidlar avskrivast over utnyttbar levetid. Vi rår til ein dokumentert gjennomgang av utnyttbar levetid til anleggsmidla i anleggsregisteret. Ei eventuell endring i levetid for driftsmiddel og såleis avskrivningar vil kunne påverke størrelsen på minimumsavdraget.

### Bundne fond

Det er nokre bundne fond utan føringar siste år. Vi rår til ein gjennomgang av desse fonda. Ved gjennomgangen bør ein vurdere aktualiteten til dei ulike fonda og sjå etter om midlar eventuelt må vurderast tilbakeført.

### Manglande avsetjingar for løyvingar frå næringsfond

Etter gjeldande regelverk skal det i rekneskapen avsetjast for framtidige forpliktingar. Kommunen har ei forplikting frå det tidspunktet det har oppstått ei framtidig plikt til å avgje økonomiske ressursar (som oftast pengar) til ein annan part på eit framtidig oppgjerstidspunkt. Kommunen skal reflektere dette i rekneskapen sin så snart forpliktinga er identifisert/vedteke, sjølv om ikkje motparten er gjort kjent med han. Etter

regelverket skal forpliktinga i utgangspunktet rekneskapsførast i den perioden kor hendinga som har gitt grunnlag for forpliktinga har skjedd, til dømes på det tidspunktet det er fatta vedtak i ei sak.

I rekneskapen til Modalen for 2021 er det ikkje gjort ei vurdering av om det skal avsetjast for vedtekne løyvingar frå næringsfondet som ikkje er utbetalt pr 31.12.21. Vi får opplyst at det ikkje har vore praksis med å synleggjere slike løyvingar i rekneskapen før dei vert utbetalt, og det fins derfor ingen fullstendig oversikt over vedtekne løyvingar som ikkje er utbetalt. Dette gjeld administrative vedtak der det ikkje er krav til politisk handsaming, og slike saker er på under kr 100 000. Vi rår til oppdatering av rutinane på dette området slik at kommunen får oversikt over alle sine forpliktingar. Administrasjonen har undersøkt og vi får opplyst at det ikkje skal vere vesentlege løyvingar som ikkje er synleggjort i rekneskapen for 2021. Talmessig blir dette følgjeleg ingen vesentleg feil i rekneskapen dette året.

## Avsluttande kommentarar

Kommunen har for 2021 levert eit fullstendig rekneskap i høve til oppstillingar og informasjon i notar etter krava i kommunelov og forskrift. Rekneskapen og årsmelding vart også levert rettidig etter lovkrav. Vår revisjon har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar knytt til rekneskapen for 2021. Generelt er rekneskapen ryddig, godt dokumentert og her er få feil.

Våre spørsmål undervegs i revisjonsprosessen og naudsynte korreksjonar har blitt raskt avklart og oppdatert på ein god måte. Dette bidreg til at vi får gjennomført og avslutta revisjonsarbeidet innan lovpålagt frist.

Vi takkar for eit godt samarbeid og håper dei tema som er omtala i rapporten blir oppfatta som konstruktive innspel knytt til kommunen sitt løpande arbeid med forbetring av interne kontrollrutinar, rekneskapsføring og dokumentasjon av rekneskapsinformasjon.

Med venleg helsing,
**Vestlandsrevisjon IKS**

Janne Eraker
Revisjonssjef/statsautorisert revisor

# Årsmelding 2021



Modalen kommune




# Innhold

Rådmannen ....................................................................................................3
Næring/næringsfond ....................................................................................13
Økonomi og rekneskap ..................................................................................15
Kultur ............................................................................................................28
Sosialtenesta .................................................................................................32
Mo skule ........................................................................................................34
Modalen Barnehage .......................................................................................37
Pleie- og omsorgstenesta ...............................................................................40
Helsesenteret .................................................................................................43
Teknisk etat ...................................................................................................47

# Rådmannen

**Innleiing**

På same måte som i 2020, vart 2021 òg sterkt prega og påverka av Koronapandemien. Omfattande tiltak og råd har blitt innført både nasjonalt og lokalt, noko som i stor grad har styrt kvardagen til både tilsette og innbyggjarar, sjølv om smittetala lokalt hjå oss var låge gjennom heile året. Modalen kommune har gjennom heile 2021 følgt Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet sine tilrådingar, og sjølvsagt dei restriksjonar som sentrale styresmakter har pålagt oss. Vi har mobilisert for å hindre smittespreiing og for å kunne gje naudsynt helsehjelp til dei som treng det. Tenestene våre har organisert seg på nye og sikrare måter, og det er mange gode døme på dette.

Modalen kommune har mange dyktige tilsette og leiarar som har takla utfordringane med pandemien etterkvart som dei har dukka opp, samstundes som vi har utført lovpålagte og naudsynte tenester og oppgåver for innbyggjarane våre. Tusen hjarteleg takk til alle tilsette for den innsatsen de til no har lagt ned, og for det arbeidet de gjer i fortsetjinga.

Samstundes vil eg rekkje ei stor takk til innbyggjarane våre for måten dei har respondert på og takla situasjonen. Det er mitt soleklare inntrykk at innbyggjarane både har akseptert og respektert tiltaka som har blitt innført, både nasjonalt og lokalt, sjølv om den nye kvardagen har vore krevjande.

Jo Tømmerbakke
Rådmann

**Organisering**

Årsmeldinga er ei tilbakemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at me har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafor dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Den administrative organiseringa og samsvarande økonomisk rammeområde låg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2021. Organisasjonskartet under viser organiseringa i kommunen ved utgangen av 2021.




Rådmannen meiner vi har ei god administrativ organisering slik det fungerer i dag. Leiargruppa samhandlar godt, utvekslar erfaringar og yter kvarandre hjelp på tvers av eigne ansvarsområde.

Men rådmannen vil også peika på dei utfordringar som har kome fram i leiargruppa sine eigenvurderingar av ulike tenesteområde. Her vert det mellom anna peika på at vi stort sett berre har ein person innan kvart fagområde / ansvarsområde, og ofte har denne personen fleire roller. Dette gjer oss sårbare ved lengre fråvær og ved større utskifting av personell.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljø og personalpolitikk, område som er viktige i alle organisasjonar.

Det er kjøpt ulike tenester frå Bedriftshelsetenesta for å gjennomføre HMS-tiltak som vart planlagt for 2021. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå

Politisk er det ikkje utarbeidd nye reviderte resultat og utviklingsmål etter dette.

Rådmannen har internt i leiargruppa sett fokus på mål og resultatvurdering i organisasjonen. I budsjett / økonomiplan for 2021 sette einingsleiarane opp konkrete utviklingsmål for kvart tenesteområde. Desse måla dannar grunnlaget for evaluering av måloppnåing i denne årsmeldinga.

I samsvar med dette har einingsleiarane gjeve sine tilbakemeldingar i høve fastsette mål i budsjettet for 2021 saman med skildring av sine tenesteområde i denne årsmeldinga.

**Rådmannen - Mål for 2021:**

1. Initiere og drive vidareutvikling av kommunen sin kvalitetsstyringssystem:

⇨ Gjennomført, og vert arbeidd vidare med inn i 2022. Det er gjennomført anbod på nytt kvalitetsstyringsverkty for alle kommunenae i IKT-samarbeidet, og Netpower er vald som ny leverandør. Implementering av det nye systemet starta rundt august 2021 og vil fortsetje inn i 2022.

2. Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon frå/til kommunen. Halde fram utviklinga av kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen.

⇨ Gjennomført og vert vidareført inn i 2022. Gjeld mellom anna Samhandling 365, med til dømes nytt intranett og nytt internkommunikasjonssystem. Kundetorget er dokument- og servicesenter for alle einingane i kommunen

3. Gjennomføre felles prosjekt med dei andre randkommunane og nye Alver kommune for å greie ut moglege samarbeidsområde innafor tenesteutviklinga til kommunane:

⇨ Dette er arbeidd med kontinuerleg gjennom heile 2021, og vil fortsetje i åra framover.

**Overordna ROS-analyse**

Den overordna ROS-analysen vart vedteken av kommunestyret i møte den 22.09. 2016 (K-sak 048/16). I samsvar med kommunestyret sitt vedtak er ulike tiltak følgt opp i løpande drift og ved oppfølging i budsjettarbeidet for 2021 og økonomiplanperioden. Prioriterte tiltak, som varslingsteneste, vart anskaffa og klargjort for bruk i 2017 og var i drift frå 2018.

**Folketalsutvikling**

Ved inngangen til 2021 var folketalet i Modalen 376 innbyggjarar, og steig til 378 ved utgangen av året. 7 vart fødd og 5 døydde. Innanlands flytting i løpet av året var: 16 personar flytta inn og 16 flytta ut av kommunen.

Samla sett var det soleis ein liten auke i folketalet i 2021, men det er verd å merka seg at flytting er den faktoren som er mest omfang på. I underkant av 10 % av innbyggjarane har no utanlands bakgrunn eller er norskfødte med innvandrarforeldre. Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalsutviklinga er positive for komande år med eit forventa folketal på 411 i 2030 og 465 i 2050. Så langt har det vore vanskeleg å bryte 400-talet.

**I Modalen har folketalet hatt slik utvikling :**

| Per 1.1. | 2004 | 2010 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggjartal | 366 | 344 | 383 | 372 | 378 | 381 | 383 | 380 | 388 | 376 | 378 |

**Kommunale utleigebustader – bygging av nye private bustader – bustadtomter**
Kommunestyret vedtok i 2012 (Ksak 033/12) at det skulle innførast standardiserte leigekontraktar med ei tidsgrensing på 3 år ved utleige av kommunale bustader. Det er gjennomført oppfølging av 3-årsfristen i kontraktar inngått frå og med 2016.

Etter revisjon av tilskotsreglementet for bustadar i 2011, så har det vore ei auke i talet på bygging av nye private bustader. I tillegg har det vore ein auke i talet på eldre hus som er kjøpt og rehabilitert.

På Mo er det ingen ledige tomtar, på Øvre Helland er det berre ei ledig kommunal tomt, medan det er 8 tomter ved barnehagen på Helland. I tillegg er det nokre regulerte tomter i privat eige. Det er derfor no behov for å få klargjort nye tomter, særleg på eller nær Mo.

**Tal på nye bustader teke i bruk:**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Oppføring av nye private bustader | 3 | 0 | 0 | 1 | 0 | 2 | 1 | 0 |
| Tilskot til kjøp/ rehabilitering av bustad | 1 | 4 | 4 | 2 | 4 | 1 | 2 | 4 |

**Utbetalt tilskot til bygging og kjøp/utbetring av eldre bustader:**

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Utbetalt tilskot til oppføring av nye private bustader (tal i 1000 kr) | 0 | 0 | 250 | 0 | 500 | 250 | 0 |
| Utbetalt tilskot til kjøp / rehabilitering av bustader (tal i 1000 kr) | 454 | 573 | 130 | 400 | 100 | 200 | 400 |

**Oppfølging av restansar for lån og husleige**
Modalen kommune har i 2021 gjennomført oppfølging av uteståande krav av husleige for bustader som er utleigd på forretningsmessig vis. Det er behov for ytterlegare oppfølging som vil verte iverksett i 2022. Det er sett av midlar i rekneskapet for moglege tap.

**Likestilling**
Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakarar. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen

kommune. Ved tilsetjingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikra deltidsarbeidande størst mogleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltidsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenesteområda.

**Kjønnsfordeling av fast tilsette**

| | Pr. 31.12.2021 | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Menn** | % | **Kvinner** | % |
| Rådmann/assisterande rådmann | 2 | 100 | 0 | 0 |
| Einingsleiarar | 1 | 17 | 5 | 83 |
| Totalt fast tilsette i Modalen kommune | 21 | 27 | 57 | 73 |

**Diskriminering og etikk**

Etiske retningsliner for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010, og vart revidert og vedteke i kommunestyret i mai 2021. Modalen kommune er tilmeldt KS sitt styrevervregister http://www.styrevervregisteret.no/ med lenke lagt inn på kommunen si heimeside. Her kan ein finne opplysningar om ulike verv som tilsette og politikarar har i andre selskap og organisasjonar. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningsliner. Det er gjennomført tiltak dei siste åra for å betre universell utforming ved helsesenteret og ved busstopp Mo skule. Det har vore ei utfordring at funksjonshemma ikkje har hatt tilgjenge til andre høgda i kommunehuset. Dette ordna seg når det nye nærings- og tenestesenteret vart teke i bruk i desember 2021.

**Personalpolitiske retningslinjer**

Retningslinjer for lønspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Desse er retningsgjevande for kommunen sin personal- og lønspolitikk. Retningslinjene vart revidert i 2017.

Eit oversyn over dei tilsette syner at om lag 40 % av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år og vel 10 % er over 60 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rutinerte tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Samstundes syner tala at det ligg ei utfordring i at mange i denne gruppa i løpet av dei neste ti åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trong for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane, men samstundes må me setja inn tiltak for ny rekruttering. I den samanheng må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss kompetanse for framtida. Me har derfor vurdert at me skal ha ei meir offensiv satsing på rekruttering av unge arbeidstakarar, til dømes gjennom lærlingeordninga. I 2021 har me hatt tre læreplassar/lærlingar i kommunen.

**HMS- arbeid**

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med Salutis AS (tidlegare HMS-gruppen), som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei har bidrege med rettleiing, kontrollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylgje opp dette arbeidet. Det var fire møter i AMU i 2021. Bedriftshelsetenesta deltok på møta.

**Sjukefråvær i %:**

| År | 1.kvartal | 2.kvartal | 3.kvartal | 4.kvartal | Samla |
|---|---|---|---|---|---|
| **2015** | 8.7 | 9.2 | 4,2 | 8.6 | 7.6 |
| **2016** | 11,3 | 7,9 | 5,4 | 9,6 | 8,5 |
| **2017** | 13,4 | 13,3 | 9,1 | 7,3 | 10,8 |
| **2018** | 8,8 | 5,2 | 4,3 | 9,5 | 7,1 |
| **2019** | 10,0 | 7,7 | 4,6 | 10,2 | 8,0 |
| **2020** | 14,7 | 10,3 | 3,4 | 5,9 | 7,5 |
| **2021** | 7,2 | 6,7 | 9,5 | 10,9 | 8,6 |

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemd. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for inkludering av dei som står i fare for å falla ut av arbeidslivet, eller som slit med å koma inn i arbeidslivet. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV Arbeidslivssenter er partar i avtalen. Det er utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1- Sjukefråvær 2 - Personar med redusert funksjonsevne 3 - Avgangsalder.

Resultatmålet for det lokale sjukefråværsarbeidet fram til utgangen av 2021 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra. Kommunen har ikkje klart å nå dette resultatmålet. Likevel ser me ei positiv utvikling dei siste åra, med unntak av 2017. Fråveret i 2021 er og sterkt prega av pandemien ein er inne i.

Det er kontinuerleg fokus på sjukefråværsarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som gjev utslag på fråværsprosenten. Korttidsfråværet ved alle einingar er lågt.

**Samfunnstryggleik og beredskap**

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og tryggheit innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

På bakgrunn av ny organisering gjennomførte kommunen ein hovudrevisjon av den overordna krise- og beredskapsplanen i 2013. Planen vart sist revidert hausten 2020, men mindre endringar i planen skjer fortløpande gjennom året og fast ved overgang til nytt kalenderår. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

Mål og tiltak for samfunnstryggleik og beredskap i 2021:

- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleiinga. Ikkje gjennomført, men store delar av 2021 har vore ei kontinuerleg øving i kriseleiing på grunn av Koronapandemien
- Årleg revisjon av krise- og beredskapsplan. Gjennomført
- Revidere og utvikle kommunen sine varslingsrutinar og varslingskanalar. Gjennomført.

**Også 2021 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er gjennomført viktig og godt arbeid med organisasjonsutvikling og tenesteutvikling i dei ulike einingane. Eingsleiarane presenterte sine fokus- og utviklingsområde for kommunestyret i budsjettprosessen hausten 2021.**

**Rådmannen vil her retta ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2021 og til tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året. 2021 har, på same måte som 2020, i stor grad vore prega av Koronapandemien som har utfordra både organisasjonen og innbyggjarane på ein måte ingen av oss har erfaring med frå tidlegare.**

**Rådmannen vil også takka for samarbeidet med politikarane.**

## MØTE I POLITISKE ORGAN OG OPPFØLGING AV VEDTAK

### Kommunestyret

Etter kommune- og fylkestingvalet 2019 har kommunestyret følgjande medlemer i perioden 2019 – 2023:



| SAMLINGSLISTA | SOLRENNINGSLISTA |
|---|---|
| Kjetil Eikefet - ordførar | Ann-Jorunn Farestveit - varaordførar |
| Kristin Nåmdal | Linda Neset |
| Anne Britt Almelid | Robert Helland |
| Liv Anne Aanesen | Ole Kristian Øvre Helland |
| Roger Wilhelm Fure | Håvard Engeseth |
| Ove Eidsnes | Sigrunn Almelid Birkeland |
| Marit Kristin Nygard Nese | |

Møter i kommunestyret:

| År | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Tal møter** | 7 | 7 | 9 | 6 | 7 |
| **Tal saker** | 64 | 57 | 77 | 65 | 59 |

Innkallingar og protokollar vert no sendt ut elektronisk til kommunestyret / formannskapet og vert lagt ut på kommunen si heimeside. Kommunestyret har teke i bruk den nye politikarportalen og brukar sine private PC-ar til politiske gjeremål. For dette får dei ei årleg godtgjering. Innføringa av elektronisk utsending har redusert kostnader til porto og effektivisert dette arbeidet.

**Kommunestyret har i 2021 mellom anna handsama følgjande saker:**

| Dato | Saknr | Saka gjeld |
|---|---|---|
| 18/02 | 004/21 | Dagsturhytte - plassering |
| | 005/21 | Avtale om tenestetilbod Politi – Modalen kommune |
| | 006/21 | Datasenterstrategi – Modalen kommune |
| | 007/21 | Retningsline for ungjobb 2021 |
| | 008/21 | Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft 2021-2024 |
| | 009/21 | Planprogram – kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022-2030 |
| 25/03 | 013/21 | Val av nytt medlem til kontrollutvalet for perioden 2019-2023 |
| | 014/21 | Stortingsvalet 2021 – elektronisk avstemming |
| | 015/21 | Val av røystestyre for 2021-2023 |
| | 016/21 | Kommunal planstrategi 2020-2023 |
| | 017/21 | Retningsline for ungjobb 2021 |
| 06/05 | 021/21 | Revisjon av etiske retningsliner for Modalen kommune |
| | 022/21 | Søknad om stønad frå Næringsfondet: Arbeid til alle - prosjektfase |
| | 023/21 | Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall |
| | 024/21 | Innkjøpsreglement Modalen kommune |
| | 025/21 | Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse |
| 17/06 | 030/21 | Søknad om tilskot frå Næringsfondet – prosjekt ope landskap – beiting med geit |
| | 031/21 | Tomtepris - nytt kommunalt bustadfelt på Helland |
| | 032/21 | Rekneskap og årsmelding 2020 |
| | 033/21 | Økonomirapport for 1.tertial 2021 |
| | 034/21 | Sløkkevatn i Mo sentrum |
| | 035/21 | Låneopptak 2021 - justering |
| 23/09 | 040/21 | Ikt Nordhordland – utviding med Aurland kommune og endring samarbeidsavtale |
| | 041/21 | Vurdering av 0-konsesjonsforskrifta i Modalen kommune |
| | 042/21 | Løyving til rassikring ved Bryggjeslottet |
| | 043/21 | Løyving til grunnundersøkingar på Mo |
| 04/11 | 048/21 | Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 - 2031 |
| | 049/21 | Justering av kommunegrensa – Alver, Modalen og Masfjorden |
| | 050/21 | Økonomirapport pr 2. tertial 2021 |
| 09/12 | 055/21 | Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall |
| | 056/21 | Forskrift for slamtømming i Modalen kommune |
| | 057/21 | Leve heile livet - plandokumenter |
| | 058/21 | Budsjett og økonomiplan 2022 - 2025 |

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2021 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

**Formannskapet**

Etter kommune- og fylkestingvalet 2019 har formannskapet følgjande medlemer i perioden 2019 – 2023:

| SAMLINGSLISTA | SOLRENNINGSLISTA |
|---|---|
| Kjetil Eikefet - ordførar | Ann-Jorunn Farestveit - varaordførar |
| Kristin Nåmdal | Håvard Engeseth |
| Liv Anne Aanensen | |

**Tal på møter og saker i formannskapet pr år:**

| År | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Tal møter** | 10 | 8 | 8 | 7 | 7 |
| **Tal saker** | 64 1) | 41 | 26 | 44 | 37 |

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2021 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

**Ungdomsrådet**
Ungdomsrådet i Modalen vart oppretta 15. november 2015, og skal vere eit synleg og aktivt råd, for å fremje ungdommen i Modalen sine meiningar. Modalen ungdomsråd skal arbeida med saker som engasjerer ungdommar, og vere tilgjengeleg for politikarane i aktuelle saker. Ungdomsrådet skal uttale seg til politiske saker som vedkjem ungdomane og framtida deira i Modalen. I 2021 har ungdomsrådet vore aktivt igjen etter ein periode utan aktivitet.

**IKT samarbeid**
Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Frå 2020 kom Gulen, Samnanger og Austevoll inn i samarbeidet. Samstundes erstatta Alver kommune Radøy, Lindås og Meland kommunar. I 2021 kom Aurland kommune inn i samarbeidet. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland vart oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune var vertskommune. IKTNH drifter IKT- oppgåver for samarbeidskommunane, og vart frå 2020 organisert som eit interkommunalt oppgåvefellesskap etter § 19 i ny kommunelov, med styre og representantskap. Styret for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar, medan ordførarane utgjer representantskapet

Gjennom året har det vore fokus på å følgje opp dei ulike fellesprosjekta som er sett i verk gjennom det regionale IKT-samarbeidet. Kundetorget har også vore sterkt engasjert i innføringa, opplæringa og bruken av dei nye IKT-løysingane

Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til kommunane sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den einskilde kommune.

**Kundetorget**
Kundetorget har 4 tilsette . Dagleg drift av Bryggjeslottet, kultur, ungdomskoordinator, bibliotek ligg og under kundetorget.

Organiseringa gjev overlappande kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie. Grunna covid 19 og av hensyn til smittevern har dei tilsette rulert med å ha heimekontor og i delar av 2021.
Kundetorget sine oppgåver rettar seg både mot publikum, og internt i organisasjonen.
Kundtetorget er innvolvert i fleire prosjekt:
Digitalisering og innovasjon, arkiv Norhordaland og Di-portal og innbyggjartenester.
Hovedmålet med prosjekta er å utvikla nye betre tenester og fylgja den digitale utviklinga i samfunnet.
Digitalt fyrsteval og sjølvbetjening på nett skal gjera at innbyggjarane i større grad kan finna informasjon og løysa oppgåver sjølv på nettet.
Samhandlingsprosjekt Microsoft Office 365 der ein blant anna har jobba med å få på plass nytt intranett for dei tilsette og nye kommunikasjonskanalar. Vert implementert i 2022.
Oppgradering av sakshandsamarsystem, der ein har gått over til ein skybasert løysing Websak pluss.

Nytt kvalitetssystem Netpower som skal implementerast i 2022.
Driftsoppgåver knytt til IKT blir utført av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH).

**Sommarjobb**
29 ungdommar frå Modalen i alderen 15 – 21 år har hatt sommarjobb i kommunen i 2021
Dei har fått tilbod om 3 veker. Arbeidet er fordelt på Bryggjeslottet, Modalstunet , Modalen barnehagen og teknisk uteseksjon. Tilbodet gjeld for ungdom som har gjennomført 10.klasse i Modalen.

**Stipend til elevar i vidaregåande skule**
Stipendet vert gjeve til elevar som går på vidaregåande skular, og som har foreldre/heimen sin i Modalen kommune. 24 elevar/lærlingar har fått utbetalt stipend.

**Økonomisk resultat rådmannen/sentraladministrasjonen 2021**

| | Rekneskap | Budsjett | Avvik | Avvik i % | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
| Rådmann/sentraladm | 11 797 136 | 13 075 575 | 1 278 439 | - 9,8 % | 16 986 990 |

Totalt sett kjem rådmannen/sentraladministrasjonen ut med eit mindreforbruk i høve revidert budsjett på om lag kr 1 280 000 i 2021.
Hovudårsaka til det store overskotet på dette budsjettområdet er auka inntekt på sal av konsesjonskraft frå avtalen med Vestland fylkeskommune. Budsjettert inntekt på denne posten var kr 2,6 millionar, medan faktisk inntekt ved årsslutt enda på kr 4,3 millionar. Dette gjev ein positiv differanse på kr 1,7 millionar.

Negative avvik på budsjettområdet er hovudsakleg knytta til leige av midlertidige lokale under byggeperioden av Flodmaal. Utgifter til dette føremålet har ikkje kome med i budsjettet for 2021, og utgjer 490 000 kr i leigekostnadar til Modalen Næringsbygg.

# Næring/næringsfond

**Næringsfondsstyret:**

| År | Tal møter | Tal saker/løyvingar | Tilskot utbetalt kr | Lån utbetalt kr |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 3 | 2 / 2 | 278 657 | |
| 2021 | Delegasjon rådmannen | 9 / 8 | 565 675 | 403 250 |
| | | | | |

Merk: Rådmannen gav 1 avslag.

| Løyvingar fordeling på næringar: | 2021 |
|---|---|
| Landbruk | 3 |
| Reiseliv/service/handel | 2 |
| Industri/produksjon/anlegg | 0 |
| Prosjekt/anna | 2 |

**Næringsfondet.**

Utvikling av status/saldo:

| År | Inngåande saldo pr. 01.01. | Utgåande saldo pr. 31.12. |
|---|---|---|
| 2010 | 6 620 506 | 2 235 118 |
| 2011 | 2 235 118 | 8 577 992 |
| 2012 | 8 577 992 | 8 443 268 |
| 2013 | 8 443 268 | 9 846 208 |
| 2014 | 9 846 208 | 13 014 207 |
| 2015 | 13 014 207 | 12 767 508 |
| 2016 | 12 767 508 | 10 713 406 |
| 2017 | 10 713 406 | 11 503 748 |
| 2018 | 11 503 748 | 7 032 042 |
| 2019 | 7 032 042 | 5 392 331 |
| 2020 | 5 392 331 | 5 638 196 |
| 2021 | 5 638 196 | 5 527 097 |

Av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som **grunnkapital** og denne er **inkludert** i saldoar ovanfor.

**Tilgang og bruk av næringsfondet 2021:**

| | Bruk | Note | Tilgang |
|---|---|---|---|
| **Saldo pr. 01.01.2021*** | | **10** | **5 638 196** |
| Konsesjonsavgift mv | | | 6 081 969 |
| Tilskot til Næringsfond | | | 281 152 |
| Konsesjonskraft m.m. | | | 188 975 |
| Renter og avdrag | | | 680 239 |
| Regionalt næringsfond Osterfjord | | | 0 |
| "Korona-tilskot" frå staten til kommunale næringsfond | | | 755 000 |
| Utlån til privat verksemd | 403 250 | | |
| Tilskot til bustader | 400 000 | | |
| Tilskot til verksemd/landbruk** | 1 806 876 | | |
| Elevstipend | 633 526 | | |
| Utgift i drift *** | 1 315 250 | | |
| Lønskostnader delstilling utvikling | 361 035 | | |
| Leige koronaleiligheit | 550 497 | | |
| Tilskot veg | 30 000 | | |
| Finansiering av investering | 3 598 000 | | |
| | | | |
| **Saldo pr. 31.12.2021*** | **4 527 097** | | |

*Saldo i oversynet er **inklusiv** kr 2 millionar bunde som grunnkapital. Sjå òg rekneskap note 10.

**Dette inkluderer korona-tilskot.

***Dette inkluderer drifts-/finansieringsbidrag knytt til nybygg på kr 1 mill.

Næringsfondet vert òg nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd.

**Næring – meirforbruk/mindreinntekt kr 383 141**

| | **Rekneskap** | **Buds(end)** | **Avvik** | **Avvik i %** | **Rekneskap** |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2021** | **2021** | | | **2020** |
| Næring | 2 633 304 | 2 250 163 | 383 141 | 1,17 % | 4 092 221 |

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Leigeutgifter Korona-leiligheter
- Tilskot over budsjett, dette inkluderer korona-tilskot der me fekk midlar frå staten i 2020 som vart utbetalt til mottakarar i 2021.

# Økonomi og rekneskap

**Modalen kommune sin rekneskap for 2021 er avslutta med eit netto driftsresultat på kr 7 309 131,77.**

**Det viktigaste økonomiske nøkkeltalet i rekneskapsoversyna, når det gjeld å vurdere drifta i kommunen, er netto driftsresultat. Netto driftsresultat er overskotet frå den løpande drifta i rekneskapsåret som kommunen kan nytta til avsetjingar og investeringar. Det er tilrådd å leggja til grunn at netto driftsresultat bør vera positivt på minst 1,75 % av driftsinntekta for å ha ein sunn økonomi. Kommunestyret har vedteke som langsiktig mål at netto driftsresultat skal vere minst 3 % av samla driftsinntekt. Eit netto driftsresultat på kr 7,3 millionar utgjer 6,7 % av samla driftsinntekt på kr 109,7 millionar.**

**Dersom me korrigerer netto driftsresultat for postane knytt til premieavvik, samt netto avsetjing til bundne driftsfond kjem me fram til Korrigert netto driftsresultat. Korrigert netto driftsresultat vart kr 8,85 millionar som utgjer 8,1 % av samla driftsinntekt.**

**Vesentlege område knytt til resultatnivået er nærings-/næringsfondsområdet som bidrog med omlag kr 2,5 millionar, konsesjonskraftinntekt som vart omlag kr 1,8 millionar høgare enn justert budsjett og skatt/naturressursskatt/rammetilskot der inntekta vart om lag 1,8 millionar høgare enn justert budsjett. Samla forklarer desse postane om lag kr 6,1 millionar av netto driftsresultat.**

**Løn**

Lønsutgifta er den største utgiftsposten til alle kommunar. Kr 58,7 millionar inkl sosiale kostnader utgjer 55 % av samla driftsutgift på kr 106,8 millionar. Tilsvarande i 2020 var 54,7 %. Lønsandelen av utgiftene er såleis ganske stabil frå 2020 til 2021, og er lågare i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar. I utgangspunktet indikerer det god økonomi og godt handlingsrom at ein har relativt stor del av utgiftene disponibelt til anna enn løpande lønsutgifter. Men me må òg hugse at Modalen kommune i tillegg kjøper mykje tenester frå andre kommunar samt frå vikarbyrå. Samla utgift for Modalen kommune for tenestekjøp frå andre kommunar, Interkommunalt samarbeid (IKS) og vikarbyrå var omlag kr 12,5 millionar i 2021.

**Investering**

Løyvingsoversyn for investering syner samla investeringsutgift i 2021 på om lag kr 52 millionar. Det har vore rekneskapsført investeringsutgift på til saman 9 prosjekt i 2021. Dei største prosjektutgiftene har vore knytt til dei 4 prosjekta: Nytt nærings- og tenestesenteret med kr 38,2 millionar, Rassikring med kr 5,4 millionar, VA-anlegg/sprinkling Mo med kr 3,8 millionar samt Dagsturhytta med kr 1,9 millionar. Desse 4 prosjekta står såleis for utgifter på tilsaman kr 49,3 millionar.

## VURDERING

**Netto driftsresultat**

2021 har gjeve eit høgt, positivt netto driftsresultat for Modalen.

**Diagram: Utvikling årleg netto driftsresultat 2012-2021 (Tal i 1000)**




Netto driftsresultat er resultatet av løpande driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivingar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpande drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år, samt gjev ein peikepinn på kor robust økonomien er. Netto driftsresultat på 8,1 % av samla driftsinntekt er mykje høgare enn tilrådinga på minst 1,75 %, og høgare enn snittet dei siste 10 åra som er om lag kr 5,9 millionar. I desember 2020 fastsette kommunestyret langsiktig mål for netto driftsresultat til å skulle vere minimum 3 % av samla driftsinntekt. Netto driftsresultat 2021 på 8,1 % er godt over målsetjinga.

**Korrigert netto driftsresultat**

I samandraget er det peika på premieavviksinntekt som er ein post som påverkar netto driftsresultat utan eigentleg å vere ein del av den løpande, ordinære drifta. I tillegg til dette kan ein ha inntekt frå øyremerka/bundne midlar som påverkar resultatet. Netto driftsresultat korrigert for premieavvik, og korrigert for netto avsetjing til bundne fond, fører fram til **korrigert netto driftsresultat**. Dette vart kr 8,8 millionar i 2021 mot kr 6,27 millionar i 2020 mot og kr 1,75 millionar i 2019. Kr 8,8 millionar utgjer 8,1 % av driftsinntektene. Tilsvarande resultatprosent var 6,1 % i 2020 og 1,8 % i 2019.

Korrigert resultat er òg mykje over tilrådd nivå for netto driftsresultat. Korrigert driftsresultat har vore høgt i mange år fram til 2017 sjølv om inntektsnivået gjekk nedover. 2018 var det femte året på rad med nedgang i eigedomsskatteinntekta, og me fekk negativt resultat. Men nedgangen snudde og det har vore positiv utvikling dei siste åra. Utfordringa framover vert i stor grad knytt til utviklinga i eigedomsskatteinntekt, der prognosane har vist sterkt nedgåande inntekt.

Under følgjer ein tabell over utviklinga i Korrigert netto driftsresultat

**Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2012-2021 (tal i 1000)**




**Særskilte ting som har påverka økonomien og driftsresultatet i 2021 er:**

- Låg aktivitet innan kultur/Bryggjeslottet grunna pandemi og ras.

- Korona
    - Midlar frå staten knytt til Korona er rekna å om lag dekkje dei direkte meirutgiftene som kommunane har hatt knytt til pandemien i 2021.
    - Pandemien har medført meirarbeid for mange tilsette som i seg sjølv ikkje har medført auka utgifter for kommunen, men har medført at tilsette har utført andre oppgåver enn dei elles ville gjort. Dette er ikkje synleggjort i rekneskapen.

- Sal av konsesjonskraft etter avtale med Hordaland fylkeskommune gav ei inntekt på om lag kr 4,3 millionar
    - 2020: tap på kr 114 000
    - I 2019 inntekt på kr 3,6 millionar.
        - Inntekta i 2019 gjaldt 2 års konsesjonskraft (2018 – 2019)

- Meirinntekt knytt til skatt/rammetilskot
    - Inntekt 2021 kr 53,1 millionar
    - Budsjett 2021 kr 51,4 millionar
    - Inntekt 2020 kr 50,9 millionar

Mykje av driftsresultatet knyt seg til nærings-/næringsfondsområdet. Kr 2,5 millionar av driftsresultatet knyt seg til næringsfondsmidlar. Dette vert sett av til næringsfondet som disponering av driftsresultatet og vert nytta til finansiering av investeringar og/eller vert ståande på fond til bruk seinare år.

Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge, positive driftsresultat for å kunna finansiera

investeringsutgiftene med eigne oppsparte midlar. Korrigert netto driftsresultat på kr 8,8 millionar syner auke i høve til 2020. I 2020 var tilsvarande resultat kr 6,27 millionar som òg var ein stor auke i høve til 2019. Gjennomsnittet for dei siste 10 åra, er om lag kr 4,8 millionar i pluss. Rådmannen har tidlegare vist til at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet dei seinare åra har det vore eit særleg fokus på tilhøvet mellom driftsresultat og investeringsnivå. Det har vore eit klart auka press på resultatnivået som følgje av nedgang og svingningar i eigedomsskatteinntekt. Kommunen har klart å levere gode resultat til tross for dette fram til 2017, men i 2018 vart det for fyrste gong negativt driftsresultat. Både i 2019 og 2020 har resultatet betra seg. Det vil vere viktig framover å skape positive årlege driftsresultat, med ein storleik som kan finansiere årlege investeringar og dekke auka finanskostnader som følgje av planlagte låneopptak.

Dårlege prognosar på utviklinga i eigedomsskatteinntekt var frykta å gjere økonomien strammare framover. Nye prognosar som kom hausten 2021 endra dei dårlege utsiktene. No ser det ut til at kraftprisane forblir høge, i alle fall i 2022. I så fall vil nok nye prognosar for åra som kjem verte ytterlegare forbetra i høve til prognosane frå hausten 2021. Utfordringa framover vil då verte at konsesjonskraftsal basert på avtale med Vestland fylke på 6,5 GWh fell vekk frå og med 2023 dersom ikkje avtalen kan forlengast. Inntekt knytt til dette var som nemnt kr 4,3 millionar i 2021.

**Rekneskapsmessig mindreforbruk: kr 0**
Etter endringar i Kommunelova og reglane for rekneskapsføring, vil det ikkje lenger kunne avleggast eit årsrekneskap med mindreforbruk.

**Driftsinntekt**
Modalen kommune har relativt høg inntekt, noko som er nødvendig for ein svært liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv.

Diagrammet lenger nede syner at 40,68 % (20,57 % + 20,11 %) av driftsinntekta kjem frå postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. Tilsvarande prosent for desse postane i 2020 var 42,02 %. Rammetilskot frå staten og skatteinntekt frå personlege skattytarar er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største. I 2021 utgjorde desse inntektene 33,95 % av samla inntekt mot 34,59 % i 2020. Det er føremålstenleg å sjå desse postane samla, då rammetilskotet vert påverka av skatteinngangen pr innbyggar gjennom ordninga med inntektsutjamning.

Det samla biletet er at det framleis er inntekt basert på utnytting av kommunen sine eigne ressursar som er det viktigaste grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har lagt mellom 40 % og 50 % av dei samla inntektene i perioden. Svingningar har i stor grad knytt seg til endringar i eigedomsskatteinntekt. Prognosane for vidare utvikling i eigedomsskatt tilseier at eigedomsskatteinntekta, både i reine kroner, og som andel av samla inntekt, vil auke i åra som kjem, dersom kraftprisane held seg på eit høgt nivå, men ikkje nødvendigvis så høgt nivå som me har sett i slutten av 2021 og starten av 2022.

Den største endringa i kakediagrammet under er elles posten Anna sals- og leigeinntekt som aukar frå 3,63 % i 2020 til 7,45 % i 2021. Det er sal av konsesjonskraft som fører til den store auken.

**Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar 2021**




Samla driftsinntekt auka med 6,12 % i høve til 2020 (sjå tabell under), medan auken i driftsutgift var på 4,48 %, sjå lenger nede om dette.

**Tabell: Utvikling i driftsinntekt 2017-2021**

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekt (tal i 1000) | 99 563 | 88 499 | 96 387 | 103 387 | 109 717 |
| %-vis endring | 8,10 % | -11,10 % | 8,90 % | 7,26 % | 6,12 % |

**Tabell: Inntektspostar med stor endring**

| | 2020 | 2021 | Endring | Endring i % |
|---|---|---|---|---|
| Sals- og leigeinntekt | 3 754 | 8 177 | 4 423 | 117,8 % |
| Skatt og rammetilskot | 50 955 | 53 221 | 2 266 | 4,45 % |
| | | | | |
| **Sum utval** | **54 709** | **61 398** | **6 689** | **12,23 %** |

**Driftsutgift**

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 102,2 millionar til kr 106,8 millionar frå 2020 til 2021. Auken utgjer 4,48 % og er ein mykje høgare utgiftsvekst enn året før, då veksten var 1,98 %. Dette er inklusiv avskrivingar og utanom finanspostane. Avskrivingsutgift vert nulla ved eigen motpostering i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat.

**Utgiftsveksten på kr 4,6 millionar kan splittast slik:**

| | |
|---|---|
| Løn | kr 2,8 millionar |
| Vare- og tenestekjøp | kr 3,2 millionar |
| Overføring og tilskot | - kr 1,5 millionar |

Pr desember 2021 var tolvmånadersveksten i prisar 2,1 % om ein ser vekk frå elektrisitetsprisar. Tar ein med elektrisitet var auken 5,3 %. Årslønnsveksten i KS-området for 2020-2021 er rekna til 2,5 %.

Ein utgiftsauke på 4,48 % indikerer såleis ein aktivitetsauke i høve til 2020.

**Tabell: Utvikling i driftsutgift 2017-2021**

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sum driftsutgift (tal i 1000 kr)** | 95 616 | 95 943 | 100 245 | 102 228 | 106 809 |
| Prosentvis endring | 4,02 % | 0,34 % | 4,40 % | 1,98 % | 4,48 % |

| Utgift fordelt pr budsjettområde | 2021 | 2020 | Endring |
|---|---|---|---|
| Rådmannen/sentraladm | 16 842 477 | 17 312 846 | -470 369 |
| Kultur | 2 238 577 | 2 343 645 | -105 068 |
| Næring | 4 500 434 | 3 309 440 | 1 190 993 |
| Sosial og barnevern | 1 420 965 | 1 706 128 | -285 164 |
| Skule | 14 334 544 | 13 978 919 | 355 626 |
| Barnehage | 7 785 663 | 7 272 024 | 513 639 |
| Pleie og omsorg | 26 903 925 | 23 373 629 | 3 530 296 |
| Kommunelege | 9 013 108 | 7 517 203 | 1 495 906 |
| Teknisk | 19 879 933 | 19 193 756 | 686 177 |
| Sentrale postar | 3 888 905 | 6 220 552 | -2 331 647 |
| | **106 808 531** | **102 228 142** | **4 580 389** |

**Løn inkl. vikarbyrå og refusjon sjukeløn**
Lønsutgift inklusiv sosiale utgifter (pensjon/arbeidsgjevaravgift), refusjonsinntekt frå sjukmeldingar og fødselspermisjon, er auka med 6,9 % i høve til 2020. Då er det òg teke omsyn til bruk av vikarbyrå. Det er i mest innan Pleie og omsorg det har vore bruk av vikarbyrå, men i 2021 har det òg vore brukt vikarbyrå til lækjarvikar.

KS opplyser at utrekna årslønsvekst frå 2020 - 2021 for KS tariffområde er 2,5 %. KS tariffområde er alle kommunar og fylkeskommunar utanom Oslo.

Ein auke på nominelt 6,9 % er mykje høgare enn lønsveksten, og syner ein aktivitetsauke som utgjer om lag kr 2,75 millionar samla for kommunen.

**Tabell: Utvikling 2019-2021 Løn inkl sos.utgift, vikarbyrå og refusjon**

| (Rekneskapstal i tusen) | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|
| Lønsutgift | 44 286 | 45 223 | 47 191 |
| Oppg.pl. ytingar | 244 | 249 | 207 |
| Sosial utgift | 11 243 | 10 404 | 11 287 |
| Vikarbyrå | 1 563 | 3 047 | 4 702 |
| Ref sjukeløn | -1 642 | -2 374 | -2 110 |
| Ref fødselspengar | -207 | -455 | -1031 |
| **Netto løn inkl vikarbyrå** | **55 487** | **56 095** | **60 247** |
| **Endring i %** | 5,50 % | 1,10 % | 6,93 % |

| (Rekneskapstal i tusen) | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|
| Rådmannen/sentraladm | 8 228 | 7 281 | 7 643 |
| Kultur | 2 040 | 1 679 | 1 778 |
| Næring | 332 | 322 | 361 |
| Sosial og barnevern | 301 | 240 | 0 |
| Skule | 11 793 | 11 669 | 12 065 |
| Barnehage | 6 961 | 6 366 | 6 362 |
| Pleie og omsorg | 15 774 | 16 190 | 19 051 |
| Kommunelege | 4 016 | 4 745 | 5 943 |
| Teknisk | 8 420 | 8 375 | 10 061 |
| Sentrale postar | -2 378 | -771 | -3 016 |
| | **55 487** | **56 096** | **60 248** |

## Budsjettstyring og avvik

**Tabell: Rekneskap mot budsjett pr budsjettområde**

| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Rekneskap** | **Justert budsj** | **Avvik** | **Avvik i %** | **Rekneskap** |
| | | | | | |
| Rådmannen/sentraladm | 11 797 135,53 | 13 075 575,00 | -1 278 439,47 | -9,8 % | 16 986 989,77 |
| Kultur | 1 697 587,40 | 1 984 828,00 | -287 240,60 | -14,5 % | 1 299 742,16 |
| Sosial og barnevern | 1 394 195,97 | 1 817 400,00 | -423 204,03 | -23,3 % | 1 492 370,80 |
| Skule | 12 222 717,75 | 11 979 440,00 | 243 277,75 | 2,0 % | 11 645 815,90 |
| Barnehage | 5 293 849,97 | 5 210 742,00 | 83 107,97 | 1,6 % | 4 633 661,08 |
| Pleie og omsorg | 20 556 429,96 | 20 313 156,00 | 243 273,96 | 1,2 % | 19 165 035,82 |
| Kommunelege | 7 079 666,35 | 6 517 919,00 | 561 747,35 | 8,6 % | 6 141 472,83 |
| Teknisk | 15 118 715,25 | 15 299 425,00 | -180 709,75 | -1,2 % | 14 896 362,69 |
| **Delsum** | **75 160 298,18** | **76 198 485,00** | **-1 038 186,82** | **-1,4 %** | **76 261 451,05** |

| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Rekneskap** | **Justert budsj** | **Avvik** | **Avvik i %** | **Rekneskap** |
| Næring | 2 633 304,05 | 2 250 163,00 | 383 141,05 | 17,0 % | -826 573,61 |
| Sentrale postar | -4 993 685,20 | -4 241 414,00 | -752 271,20 | 17,7 % | -2 795 942,82 |
| **Totalt** | **72 799 917,03** | **74 207 234,00** | **-1 407 316,97** | **-1,9 %** | **72 638 934,62** |

Oversikta over syner nettoutgift pr. budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret har gjeve rammeløyving til desse budsjettområda:
* Rådmannen/sentraladministrasjon, Kultur, Næring, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk. I tillegg kjem Sentrale Postar som i hovudsak består av mva-kompensasjon, premieavvik og småinvesteringar.

Oversynet over rammeområda unntatt næring syner eit samla mindreforbruk på kr 1 038 000 i høve det justerte budsjettet, men med store variasjonar.
Det er 4 budsjettområde som har mindreforbruk, og 4 budsjettområde som har meirforbruk. Dei 4 områda med meirforbruk har samla kr 1,131 000 i meirforbruk medan dei 4 med mindreforbruk har samla kr 2 169 000 i mindreforbruk. Netto av dette vert mindreforbruk på kr 1 038 000.

**Kort forklaring avvik 2021:**

**Rådmannen/sentraladm – mindreforbruk kr 1 278 439**
Avvik knyt seg i hovudsak til:
- Auka inntekt sal av konsesjonskraft
- Utgift til leige av mellombelse administrasjonslokale
- Høgare utgift til pensjon enn budsjettert

**Kultur – mindreforbruk kr 287 240**
Avvik knyt seg i hovudsak til:
- Avlyste arrangement grunna Korona-pandemien
- Stenging av Bryggjeslottet grunna pandemi og ras
- Høgare utgift til pensjon enn budsjettert

**Sosial og barnevern – mindreforbruk kr 423 200.**
Avvik knyt seg i hovudsak til
- Lågare sosialstønad og utlån enn budsjettert
- Lågare utgifter til tenestekjøp og tiltak enn budsjettert

**Skule – meirforbruk kr 243 277.**
Avvik knyt seg i hovudsak til:
- Ekstra utgift til vaksenopplæring
- Høgare utgift til pensjon og arbeidsgjevaravgift enn budsjettert

**Barnehage – Meirutgift kr 83 108.**
Avvik knyt seg i hovudsak til:
- Høgare utgift til pensjon enn budsjettert

**Pleie og omsorg – meirforbruk kr 243 274.**
Avvik knyt seg i hovudsak til:
- Bruk av vikarbyrå utanom avtale
- Høgare utgift til pensjon enn budsjettert
- Auka utgift i høve bruk av smittervernutstyr

**Kommunelege – meirforbruk kr 561 747.**
Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Utgifter til legevikar frå vikarbyrå
- Annonseutgifter
- Opplæring
- Diverse utstyr
- Høgare utgift til pensjon enn budsjettert

**Teknisk etat – mindreforbruk kr 180 709.**
Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Lågare utgift grunna reduksjon av innkjøp/materiell
- Lågare utgift til tenestekjøp/kommunesamarbeid enn budsjettert
- Meirutgifter knytt til Korona-pandemien
- Høgare utgift til pensjon enn budsjettert

**Næring – meirforbruk kr 383 141**
Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Utbetaling av tilskot av Korona-midlar frå staten som vart motteke 2020
- Leigeutgifter til Korona-leiligheter/mellombelse lokale
- Merk at næringsområdet vert saldert direkte mot Næringsfondet.

**Sentrale postar – meirinntekt kr 752 271**
Budsjettet på denne posten knyt seg i hovudsak til 3 områder: Premieavvik på pensjon, mva-kompensasjon og løyving til småinvesteringar.

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Meirinntekt knytt til Premieavvik og interne posteringar knytt til pensjon. Sjå under.

**Generelt om pensjonsutgift 2021**
I 2021 fekk Modalen kommune tilført vesentlege midlar (kr 4,9 millionar) til premiefondet i KLP gjennom tilbakeføring av oppsparte premiereservar. Bakgrunnen for dette var endring i reglane knytt til offentleg tenestepensjon. I tillegg til dette er avkastning frå året før (kr 576 000) tilført premiefondet. Me har i tråd med vanleg praksis nytta oss av midlane på premiefondet til å dekke premiebetaling så langt som råd. Premie som er dekka gjennom belastning av premiefondet vert altså ikkje betalt, men vert likevel belasta einingane med tilsvarande motpostering på Sentrale postar. Bakgrunnen for bruken av premiefond og metoden for å belaste einingane er dels for å få rett kostra-rapportering av pensjonsutgiftene og dels for å unngå for mykje budsjettvridningar knytt til bruken av premiefond, og dels for å unngå at me får stort akkumulert premieavvik som skal utgiftsførast i åra som kjem. Akkumulert premieavvik er i 2021 redusert frå kr 4,3 millionar til kr 1,8 millionar. Dette vert vurdert som positivt.

Dei nemnte føringane samt andre avvik/endringar i høve budsjetterte pensjonsutgifter og premieavvik har ført til at det er blitt utgiftsført meir enn budsjettert på driftseiningane og inntektsført meir enn budsjettert på sentrale postar.
Samla har driftseiningane/budsjettområda fått auka utgift på i overkant av 1 million knytt til det ovennemnte, samt at Sentrale postar har fått auka inntekt med om lag tilsvarande. Posteringane knytt til

bruken av premiefond med belastning av einingane samt posteringar knytt til premieavvik skjer på slutten av året, slik at einingane har ikkje hatt høve til å justere for desse meirutgiftene undervegs.

**Investeringar**

Det har vore høg investeringsaktivitet i 2021 med eit samla investering i anleggsmidlar på kr 52,0  millionar. Investeringsrekneskapen er avslutta finansiert med lån, eigne midlar, mva-kompensasjon , tilskot og eit udekka beløp på kr 301 132,90. Investeringslån opptatt i Kommunalbanken i 2021 med kr 32,8 millionar er nytta til delfinansiering, samt at innløyst lån er nytta til delfinansiering. Formidlingslån er finansiert med bruk av lånemidlar frå Husbanken, samt at innløyst lån er lånt ut på ny i samband med refinansiering. Utlån av formidlingslån i 2021 var på kr 5,2 millionar. I tillegg til dette er eigenkapitalinnskot i KLP utgiftsført i investeringsrekneskapen med kr 186 000.

Dei største investeringsprosjekta i 2021 har vore: Nytt nærings- og tenestesenteret med kr 38,2 millionar, Rassikring med kr 5,4 millionar, VA-anlegg/sprinkling Mo med kr 3,8 millionar samt Dagsturhytta med kr 1,9 millionar. Desse 4 prosjekta står såleis for utgifter på tilsaman kr 49,4 millionar av samla kr 52 millionar. Resten av investeringsutgiftene på kr 2,6 millionar er fordelt på 5 prosjekt.

**Tabell: Utgift til investeringsprosjekt 2021**

| | |
|---|---:|
| Nærings- og tenestesenter | 38 192 509 |
| IKT-investering Mo skule | 505 462 |
| Oppgradering kommunale bygg | 308 866 |
| Ny bil til Modalstunet/barnehagen | 799 219 |
| Leikeapparat barnehagen | 118 426 |
| VA-anlegg. Sprinkling Mo | 3 811 986 |
| Dagsturhytte | 1 949 847 |
| Oppgradering leikeplass Øvre Helland | 900 791 |
| Rassikring v/ Bryggjeslottet | 5 412 515 |
| | **51 999 621** |

**Kommunestyret sine premiss for bruken av løyvingar**

Iflg § 14-7 i kommunelova skal årsmeldinga gjere greie for eventuelle vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for løyvingane som er gjeve.

Rådmannen kan ikkje sjå at det er vesentlege avvik frå budsjettpremiss. I budsjettvedtaket presiserte kommunestyret at det ikkje vert saldert i matbudsjettet til Pleie og omsorg, samt at det framleis skal vere midlar til kulturminnevern i kulturbudsjettet. Presiseringane vart gjeve knytt til vurdering av konsekvensar av nødvendig saldering av budsjettrammene som vart gjort administrativt i samband med utarbeiding av rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021.

Planlagte nødvendige innsparingar har ikkje medført reduksjonar i mattilbodet for Pleie og omsorg. Det har heller ikkje påverka løyvingar og bruk av midlar til kulturminnevern.

**Likviditet/arbeidskapital**

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelda gjev oss arbeidskapitalen.

**Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2017-2021 (tal i 1000 kr)**




Arbeidskapitalen har vore god, men med ein jamn nedgang frå 2017. Det er normalt ugunstig med negativ utvikling av arbeidskapitalen, men nivået på arbeidskapitalen har over tid vore godt og likviditeten til kommunen er framleis god. Nedgangen knyt seg til høge investeringsutgifter der mykje er finansiert med eigne midlar.

**LÅNEGJELD OG FOND**

**Fond**

**Diagram: Samla fondsmidlar pr. 31.12 frå 2017 – 2021 (Tal i 1000 kr)**




Oversikta syner ein nedgang i samla fondsmidlar i kommunen i heile 5-årsperioden. Samla fondsmidlar er redusert frå kr 35,7 millionar i 2017 til omlag kr 21,7 millionar i 2021. Nedgangen utgjer om lag 39 %.

**Diagram: Ubundne fondsmidlar pr 31.12, 2017 – 2021 (tal i 1000 kr)**




**Disposisjonsfond**

Samla disposisjonsfondsmidlar er kr 7,8 millionar pr 31.12.21. Kommunestyret har vedteke at det langsiktige målet for disposisjonsfondsmidlane til kommunen er at dei skal vere minimum 10 % av driftsinntektene. 7,8 millionar utgjer 7,1 % samla driftsinntekt. Dette er så under målsetjinga og nivået må såleis aukast for å vere i tråd med målsetjinga.

**Lånegjeld**

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda var då relativt høg pr. innbyggar, men likevel moderat i høve kommunen si evne til å betale rente- og avdragsutgift. Ingen nye låneopptak og høge årlege avdrag har redusert lånegjelda monaleg, både i høve til innbyggartal og i høve til driftsinntekt fram mot 2020. I 2020 vart det for fyrste gong sidan 2006 teke opp nye investeringslån med kr 17,4 millionar. I 2021 vart det teke opp ytterlegare kr 32,8 millionar, i hovudsak til det nye nærings- og tenestesenteret: Flodmaal.

Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg over minstekravet til årleg avdrag. Kommunestyret har vedteke at det langsiktige målet når det gjeld lånegjeld, er at den skal vere maksimalt 60 % av årleg driftsinntekt. Pr 31.12.21 er såleis lånegjelda under maksimalgrensa.

**Tabell: Utvikling i lånegjeld utanom formidlingslån 2017 - 2021:**

| **LÅNEGJELD** | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** |
| Lånegj i % av dr.innt | 17,5 % | 18,5 % | 16,0 % | 30,8 % | 57,5 % |
| Lånegjeld | 17 376 | 16 376 | 15 376 | 31 895 | 63 071 |
| Lånegjeld pr innb | 45 726 | 43 095 | 39 629 | 84 827 | 166 854 |
| Innbyggjartal | 380 | 380 | 388 | 376 | 378 |

**Diagram: Lånegjeld i % av brutto driftsinntekt 2017-2021:**




Lånegjelda aukar mykje. Nye investeringslån i 2020 og 2021 gjev eit hopp i lånegjelda i høve til samla driftsinntekt. Likevel er lånegjelda låg samanlikna med dei fleste andre kommunar, og lånegjelda belastar driftsrekneskapen mindre enn dei fleste andre kommunar. Men med aukande lånegjeld vert rekneskapen årleg belasta med mykje høgare utgifter til rente- og avdrag enn kva me har vore vant til.

# Kultur

**Kulturområdet har vore sterkt prega av korona pandemien også i 2021**

**Kulturkontoret** i Modalen kommune har oppgåver knytt til turistinformasjon, kulturminnevern, tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar, samordning av aktivitetar og tilrettelegging av friluftsliv. Kultur er òg ein del av staben på kundetorget. I samarbeid med ulike aktørar arrangerer me m.a. barna sin dag i februar, modalsdagane om sommaren og julemarknad i desember.

Me er til vanleg jamnleg involvert i ulike einskildarrangement og prosjekt gjennom året. Døme er konsertar, folkehelsearbeid, stønad til LAN-party (priv. arr.) m.m.

Pga pandemien som kom tidleg i mars 2020, vart omtrent alle aktivitetar i 2021 avlyst i løpet av året.

**Bryggjeslottet** ligg under Kundetorget og leiar for denne eininga f.o.m. 1. jan 2019.
Kommunen har mange unge med deltidsjobb på ettermiddagstid/helg. Ekstravaktene er til stor hjelp for at me skal kunne gjennomføre ulike arrangement som t.d. kino, basseng, bowling, kiosk.
Bryggjeslottet har vore stengt i perioder grunna pandemien, ras og opprydding bak huset frå mai mnd til januar 2022.

Kommunen har ungdomskoordinator tilsett i 40 % stilling.

**Mål for 2022:**
Kulturplanen er ferdigstilt og vedtatt av kommunestyret.
I kulturplanen for Modalen 2019 – 2029, er det mange mål for dei kommande åra.

**Måla kommunen ynskjer skal iverksetjast er:**

- Auka tilgangen til biblioteket sine tenester og ressursar.
  Biblioteket har meir ope for sjølvbetjening, med scanneutstyr for utlån og innlevering.
- Auka aktivitetar som kan gå føre seg i Bryggjeslottet.
  Pandemien og ras bak Bryggjeslottet i mai 2021 har sett ein stoppar for meir aktivitet i Bryggjeslottet. Det har blitt utarbeida nye kontraktar som stiller meir krav til brikkebrukar.
- Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område.
  Ikkje vore arbeid særskild med dette.
- Nytta sjø og strand meir.
  Ikkje vore arbeid særskild med dette.

**Mål for 2022, som og ligg i Kulturplanen, ein strategisk handlingsplan for kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse**

- Auka aktivitetar som kan foregå i Bryggjeslottet
- Utvikle Bryggjeslottet til ein god samlingsplass
- Auka ungdomsrådet sin status og innverknad
- Auka fysisk aktivitet for dei over 55

- Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område og utarbeide handlingsplan for prioritering av tiltak, inkludert vedlikehald
- Få i gang drift av Dagsturhytta

**Aktivitetsområde 2021**
Barna sin dag vart ikkje arrangert i februar grunna smitteverntiltak. Alle andre aktivitetar i regi av kommunen blei avlyst i 2021, t.d Modalsdagane og Veteranbåttreffet. Ein har likevel fått arrangert eit digitalt kompetansekurs for eldre i kommunen. Det var stor oppsluttnad om kurset som gjekk over 11 kurskveldar, med tema som bruk av e-post, facebook, internett og nettbank m.m.

Mo skule var på teatertur til Bergen og Modalen barnehage hadde besøk av Knute-nissen i desember i regi av den kulturelle skulesekken.

Julemarknaden vart arrangert på Mo skule, med mange utstillarar og besøkjande.

Bryggjeslottet har mykje aktivitet knytt til bygdekino, svømmebasseng, bowling og gymsal. I perioder har desse aktivitetane vore stengd.

**Modalen Folkebibliotek**
Biblioteket i Modalen er ein viktig stad for mange av innbyggjarane. Sjølv om besøk og utlån er noko redusert dei siste åra, så ligg biblioteket vårt heilt i noregstoppen. Bibliotekstillinga er pr i dag ei 50 % stilling.Grunna pandemi og rasproblem har også biblioteket vore stengt.

| **Type utlån** | **2017** | ***2016*** | ***2018*** | ***2019*** | ***2020*** | ***2021*** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bøker barn | 950 | 1395 | 1278 | 1140 | 1060 | 780 |
| Bøker vaksne | 710 | 1075 | 765 | 860 | 780 | 670 |
| Lydbøker barn | 40 | 58 | 15 | 10 | 7 | 5 |
| Lydbøker vaksne | 80 | 95 | 75 | 60 | 55 | 20 |
| DVD barn | 45 | 105 | 44 | 30 | 20 | 7 |
| DVD vaksne | 30 | 71 | 60 | 40 | 17 | 10 |
| Musikk barn | 10 | | | | 15 | |
| Musikk vaksne | 18 | | | | 20 | |
| Anna | 57 | | | | 57 | |
| Fjernlån | 25 | 39 | 20 | 30 | 40 | |
| **Samla utlån** | **1965** | **2 930** | **2216** | **2170** | **1979** | **1 492** |

2021 har vore eit utfordrande år, både på grunn av pandemien og fordi Bryggjeslottet lengje måtte halde stengt for publikum, grunna rassikringsarbeid i fjellsida bak bygget. Dermed blei det ingen arrangement, forfattarbesøk, teaterframsyningar eller konserter i Bryggjeslottet.
På tross av dette har biblioteket forsøkt å oppretthalde sine tenester, til barnehage- og skuleborn, og andre. Kundetorget har i periodar fungert som utlånsentral for innbyggjarane.

Det er framleis slik at det er dei unge og dei eldre som som er dei ivrigaste bibliotekbrukarane.

Tiltak som utvida opningstid med sjølvbetjening eit såkalla "meirope" bibliotek er satt i verk.

Det er ope både laurdag og søndag når Bryggjeslottet er betjent.

Betre digitale tenester, og auka tilgang på e-bøker, lydbøker og anna digitalt materiale vil nok vere viktig for lånarane i framtid.

**Fritidsklubben 2021**

**Drift av fritidsklubben**
Fritidsklubben består av Juniorklubben og Ungdomsklubben. Januar 2021 kunne ikkje fritidsklubben operere som normalt grunna koronarestriksjonar. I løpet av året har ein del klubbkveldar vorte avlyst, nokre gongar av koronarelaterte grunnar, men for det meste har klubben kunne operere som normalt. Fram til slutten av mai var Fritidsklubben arrangert på Bryggjeslottet, men etter steinsprang og stenging av Bryggjeslottet vart klubben arrangert på Mo Skule. Denne mellomløysinga varte frå mai og ut 2021. Frå hausten 2021 vart fritidsklubben flytta frå fredag til torsdag.

**Juniorklubben**
Før sommarferien hadde me eit stort årskull frå 7. trinn som etter sommarferien gjekk over til 8. trinn og ungdomsklubben. Frå denne gruppa var det høgt oppmøte på Juniorklubb også etter flytting til skulen i mai. Etter sommarferien har mellomtrinnet hatt færre elevar, men det har vore eit stabilt høgt oppmøte frå denne gruppa ut 2021.

**Ungdomsklubben**
Før flytting til skulen i mai var det høgt oppmøte frå ungdomsskulen (snitt på over 10), også frå 10. klasse. Men etter flyttinga var det langt færre som møtte på klubb. Etter sommarferien har dei nye 8. trinns-elevane sørga for fleire dagar med høgt oppmøte, men det har vore noko variasjon (frå 2 til over 10).

**Aktivitetsveke med UngJobb-tilsette**
I tre veker i juli leia ungdomskoordinator planlegging og gjennomføring av aktivitetsveke for barn og unge, dette med støtte frå fire UngJobb-tilsette. Ei veke gjekk til planlegging og innkjøp av utstyr, medan det vart to veker Aktivitetsveke for barn og unge, open for 1. trinn til 10. trinn. Det vart gjennomført ein rekke forskjellige aktivitetar, deriblant fjelltur, slimverkstad, idrettskonkurransar og kanotur. Det var varierande oppmøte, men samla var det eit snitt på over 8 deltakarar pr. dag.

**Koordinering av Modalen Ungdomsråd**
Ungdomsrådet vart gjenoppstarta i januar 2021 etter ein periode med inaktivitet. Det vart gjennomført val på ungdomsskulen på Mo, og eit nytt råd med leiar og nestleiar vart forma. Møter i rådet vart gjennomført på Bryggjeslottet og seinare på skulen og saman med heile ungdomstrinnet. I mars 2021 deltok to representantar frå rådet digitalt på Fylkesting for ungdomsråd.

Nemneverdige sakar som har vore handsama i rådet 2021 har vore:
- Revidering av eigne vedtekter.
- Kommentarar til retningslinjer for UngJobb.
- Kommentarar til samfunnsreforma Leva Heile Livet.

Ungdomsrådet arrangerte hausten 2021, Halloween-fest for ungdom 8. trinn -18 år. Innsatsen vart koordinert av ungdomskoordinator, støtta gjennom eit tilskot frå kommunen, og dugnad frå FAU. Rådet dekorerte og leia underhaldning på eit arrangement som trakk over 30 ungdommar. Det var deltakarar frå ungdomsskulane på Mo og i Eksingedalen, men også vgs-elevar.

**Økonomi**

| | Rekneskap | Budsjett | Avvik | Avvik i % | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
| Kultur | 1 697 587 | 1 984 828 | -287 241 | 14,4 % | 1 621 099 |

Rekneskapen syner mindreforbruk for 2021 med kr 287 241.
Avvik knyt seg i hovudsak til pandemien  og ras som har gjort at dei fleste arrangement har vorte avlyst.

# Sosialtenesta

**Barnevern**
Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Noverande avtale vart satt i drift 01.01.12.
Modalen kommune og barnevernstenesta har etablert tverrfagleg team (leiar for skule, leiar for barnehage, helsesjukepleiar, kommuneoverlege, psykiatrisk helseteneste og ass. rådmann) som har 4 faste møter gjennom året. Føremål er å styrkje barnevernsarbeidet i Modalen kommune. Dette har vore særleg viktig m.o.t. system, samarbeid og relasjonar. I tillegg å kunne vere tett på barn og unge i enda eit korona-år som for mange barn og unge har vore annleis. Tal saker som barnevernet har vore involvert i ligg mellom 0 og 4 for 2021.
Leiar for barnevern orienterte kommunestyret i Modalen i november 2021 om tilstandsrapport for 2020, samt orientering om utgreiing om mogleg interkommunalt samarbeid med Osterøy kommune.

**NAV**
Modalen kommune har felles NAV-teneste med Fedje, Austrheim, Gulen og Masfjorden kommunar – NAV Fensfjorden. Masfjorden er vertskommune. NAV Fensfjorden ivaretek det statlege og kommunale ansvaret for arbeids- og velferdsetaten, samt det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte. NAV Fensfjorden følgjer i samarbeid med psykisk helseteneste i Modalen også opp rusavhengige som treng tiltak. NAV Fensfjorden arbeider etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift, samt oppdragsbrev.
Leiar for NAV Fensfjorden orienterte kommunestyret i Modalen i februar 2021 om status for tenesta. Det er ikkje vist til spesielt utslagsgjevande tal vedr. arbeidsløyse i Modalen i samband med koronapandemien. Noko auke i utbetalingar av sosialstønad.

**Skjenkesaker**
Det er to salsløyve og eit skjenkeløyve for alkohol i kommunen. Kommunen har avtale med innleigd kontrollør som ivaretek skjenkekontrollen. Modalen kommune mottek årleg rapport. Det er ikkje rapportert om avvik på kontroll av sals- og skjenkestadene i 2021.

**Mål 2021**
• Presentere og drøfte rusmiddelpolitisk handlingsplan for ungdomsrådet. Utarbeide framlegg til førebyggjande og gode tiltak for å sikre gode oppvekstvilkår.
- ⇨ Rusmiddelpolitisk handlingsplan; under oppfølging

• Etablere system for tilstandsrapport for Vaksdal barnevern – fokus Modalen kommune.
- ⇨ Tilstandsrapport for Vaksdal barnevern – Modalen kommune; vart orientert om i kommunestyret i november 2021 og vert vidare følgt opp.

• Etablere eit godt status-/erfaringsgrunnlag i NAV Fensfjorden for å kunne seie noko om tenesta leverer i tråd med Modalen kommune sine forventningar.
- ⇨ NAV Fensfjorden; Kommunestyret fekk i februar 2021 orientering om kva tenester- og korleis NAV Fensfjorden leverer og tek i vare brukarar i Modalen kommune. Det er gjennom året vore god dialog og samarbeid med NAV Fensfjorden, og mellom anna med eit utvida fokus på ungdom gjennom prosjekt Ansvarleg ungdom.

**Økonomi**

Ansvarsområdet *sosial og barnevern* har eit samla mindreforbruk i 2021 på kr 423 204.
Hovudårsaka til dette er at ytingar til livsopphald er lågare enn budsjettert. Dette er ein post som reflekterer brukarar/innbyggjarar sine rettar med omsyn til stønad.

| | Rekneskap | Budsjett(end) | Avvik | Avvik i % | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
| Sosial og barnevern | 1 394 196 | 1 517 400 | -423 204 | 0,77 % | 1 492 371 |

NAV Fensfjorden sakshandsamar alle sosialsaker på vegne av Modalen kommune. Sosiallån vert òg sakshandsama av NAV Fensfjorden, men vedtak vert gjort av rådmannen i Modalen kommune (v/ ass. rådmann). Driftskostnadar for NAV Fensfjorden vert avrekna etterskotsvis (jan/feb.) etter at driftsåret er avslutta.

# Mo skule




**TENESTER OG OPPGÅVER**

**Grunnskule**
Hausten 2021 starta 62 elevar opp på Mo skule, dette er ein oppgang på 4 elevar frå førre skuleår. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i seks klassar/grupper dette året. Åtte elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp åtte nye førsteklassingar ved skulen hausten 2021, tre av desse er gjesteelevar frå Vaksdal. Det er 18 tilsette ved Mo skule. Desse arbeider til saman i ca 16 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule, vaksenopplæring og leiing.

**Modalen Skulefritidsordning, SFO**
Vedtektene for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:

*«Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassetrinn (1.- 7. klassetrinn for barn med særskilte behov). Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.»*

Hausten 2021 var det 9 born påmeldt i Modalen SFO. Opningstida til SFO er 07.30 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søknader og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule har frå hausten 2014 tilbydd gratis leksehjelp for alle elevar som ein del av SFO-tilbodet.

**Modalen Kulturskule**
Modalen Kulturskule har pedagog i undervisning av enkeltelevar i musikk i 20 % stilling .
Kulturskulen har hausten 2021 sju elevplassar. Dette er ein nedgang på to plassar frå førre år.

**Vaksenopplæring**
Modalen har dette året ikkje fast undervisning i vaksenopplæringa. Kommunen kjøper tenester frå vaksenopplæringa i Alvær for enkeltelevar som har rett til dette.

**Mål**
Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemd finn ein i Opplæringslova med forskrifter (www.udir.no). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med «Kunnskapsløftet» (KL20) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemd.
Ved Mo skule er det eit mål at det vert utvikla kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis skal vera meir synleg.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2021. Mo skule bruker resultata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultata på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultata med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultata frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Satsingsområda for skuleåret 2021/22 er i stor grad vidareført frå førre skuleår. Skulen arbeider for at trivselen hjå elevane skal vera høg. Elevundersøkinga viser positive resultat og utvikling med omsyn til trivsel på skulen. Skulen har eigen sosiallærar og spesialpedagogisk rettleiar. Det vert mellom anna arrangert «vennedag», og skulen deltek på nasjonal veke mot digital mobbing. Prosjektet «Psykisk helse i skulen» vert gjennomført i alle klassane på ungdomssteget kvart år i samarbeid med helsesjukepleiar og psykiatrisk sjukepleiar. Heile skulen arbeider med element frå «Dei utrulege åra». Hausten 2017 starta Mo skule opp arbeidet med det sosialpedagogiske programmet PALS (positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling). Dette arbeidet held fram inneverande skuleår.

Mo skule skulle etter planen starta opp utviklingsprosjekt «DEKOMP» (desentralisert kompetanseutvikling) i 2021. Høgskulen på Vestlandet har av ulike årsaker ikkje greidd å levera etter avtale her. Ein er no i god dialog med HVL, og ventar at abeidet kjem i gang i 2022.

Tidleg innsats og tilpassa opplæring har fokus ved Mo skule. Skulen nyttar ressursar til å dele samansette klassar i dei fleste kjærnefag, også når det er få elevar i gruppene.

Frå hausten 2021 er læreplanverket KL20 innført på alle klassesteg. Mykje undervisningsmateriell, både trykte læremiddel og digitale ressursar, er fornya. Nye arbeidsformer er tekne i bruk, og både elevar og tilsette øver på dette i den nye kvardagen

Mo skule har nytta seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». To pedagogar har nytta seg av dette etterutdanningstilbodet skuleåret 2021/2022 i faga samfunnsfag og lærarspesialist i lesing og skriving. Det sist er eit studie som går over to år. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha minst ein tilsett under vidareutdanning.

Samla sjukefråvær for alle tenesteområda ved skulen var på 4,5% i 2021. Dette er ein bra nøgd med. Mo skule har fokus på trivsel og relasjonsbygging. Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette der ein mellom anna fokuserer på arbeidsmiljøet. Mo skule deltek i den kommunale AMUS-satsinga med måling av psykososialt arbeidsmiljø annakvart år. Det vert utarbeidd handlingsplan ut frå resultata av undersøkingane i samarbeid med dei tilsette ved skulen.

**Aktivitet**

Mo skule har ei tid hatt fokus på tverrfagleg arbeid på tvers av aldersgruppene. Det har vore arrangert fagdagar innan fleire fag med bra læringsutbyte. Desse dagane løyser vi opp timeplanen og elevane arbeider i grupper med ulike tema. Fellesskap, samhandling og livsmeistring er i fokus desse dagane.

Den tradisjonelle lysmessa vart ikkje gjennomført dette året grunna korona-tiltak. Mo skule er vanlegvis godt nøgde med samarbeidet med «Den kulturelle skulesekken», Rikskonsertane og kulturkontoret i Modalen kommune. Desse medverkar til at elevane får eit rikt og variert tilfang av kulturopplevingar gjennom året. I 2021 var aktiviteten på dette området vesentleg redusert grunna korona-tiltak.

**Korona-året II**

Mo skule har som alle vore prega av smittetiltak kring korona dette året. Skulen utarbeidde tiltaksplan då dette vart påkrevd i mars 2020, og har retta seg atter dei råd og pålegg som til ei kvar tid har vore gjeldande. Mo skule har så små elevgrupper at det har vore relativt greitt å oppretthalde ordinær drift gjennom heile året. Etter at den fyrste nedstenginga med heimeundervisning våren 2020 var over så har alle elevar vore fysisk på skulen kvar dag etter dette.

**Investering**

Mo skule fekk tildelt kr 510 000 til investering i datautstyr i 2021. Heile summen er brukt til nye dataskjermar (tavler) i 6 klasserom og innkjøp av PC-ar til elevar på ungdomssteget.

Mo skule fekk ei tilleggsløyvig til oppgradering av uteområdet ved skulen i 2021. Arbeidet med dette kom i gang noko seint på året. Det vart henta inn anbod frå tre leverandørar ut frå ynskje frå elevane ved skulen. Innkjøp vart gjort hausten 2021, og arbeidet med montering av utstyr startar opp straks vinteren slepper taket på skuleplassen.

**Økonomi**

| | Rekneskap | Budsj(just) | Avvik | Avvik i % | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
| Skule | 12 222 717 | 11 979 440 | 243 277 | 2,0 % | 11 645 815 |

Mo skule har i 2021 eit meirforbruk på kr 243 277, noko som utgjer om lag 2 % avvik frå budsjett. Utgift til pensjon (KLP) og arbeidsgjevaravgift knytt til grunnskule er høgare enn det som var budsjettert. (Sjå eigen kommentar om pensjon i Økonomikapitlet). Det har kome ekstra utgifter i løpet av året knytt til vaksenopplæring som kommunen er pålagt å yta som det ikkje var budsjettert for. På tenesteområda SFO, skuleskyss og kulturskule har ein halde seg innafor rammene i budsjettet for 2021.

# Modalen Barnehage



Modalen barnehage gjekk hausten 2021 frå å vera 3-avdelingar til 2-avdelingar. Vaksdal kommune driftar no barnehageplassar sjølv for barn busett ovanfor Høvik. Barn busett frå Høvik til Eidslandet kan nytta barnehageplass i Modalen. Avdelingane vert delt i 0-3 år, 3-6 år. Barnehagen si opningstid er kl. 07.00 - 16.30. Foreldra kan velja mellom tre- eller fem dagars tilbod. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Tal på born i Modalen barnehage

| Barnetal: | 2007 | 2009 | 2011 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 28 | 36 | 32(6) | 34(9) | 31(8) | 21(6) | 21(5) | 28(8) | 28(12) | 32(11) | 31(11) | 29 (8) |

(Tala i parentes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.)

**Evaluering av mål 2021**

- **Inkluderande barnehagemiljø.** Me arbeider vidare dei to neste åra med førebygging av mobbing. Dei tilsette deltek i eit nettbasert tilbod som går på Inkluderande barnehagemiljø- førebygging av mobbing. Avsluttes sommaren 2022.
- **Arbeide med resultata av brukarundersøkinga.** Hausten 2020 gjennomførte me brukarundersøking i barnehagen. Me skora høgt og er nøgd med resultata. Personalet har jobba med område ein ynskjer å betra og område ein ynskjer å vidareføra det gode arbeidet på.
- **Arbeidsmiljøundersøking.** Hausten 2021 gjennomførte me arbeidsmiljøundersøkinga for andre gang. Også denne gangen fekk barnehagen gode skår. Personalet har valgt ut områder ein ynskjer forbedra og områder ein ynskjer vidareføra det gode arbeidet på. Har hatt bedrifthelsetenesta Salutis inn i barnehagen og gjeve opplæring og praktisk sett på ergonomi og ergonomiske hjelpemiddel i barnehagen.

**Mål 2022**

- **Arbeidsmiljøundersøking.** Personalet har jobba med områda ein ynskjer å forbedra og område der ein ynskjer vidareføra det gode arbeidet på.
- **Reduksjon i sjukefråværet.** Barnehagen har over tid hatt eit høgt sjukefråvær. Me har kontakt med NAV som skal bistå i arbeidet med å redusera sjukefråværet.

**TENESTER OG OPPGÅVER**

Me arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma ut frå Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar. Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år.

Prisen for barnehageplass er lågare enn maksimalpris for barnehage. Barna får frukost, lunsj, frukt og ettermiddagsskiver. Barn busett i Vaksdal kommune nyttar betalingssatsane til heimkommunen.

**Organisering**

Barnehagen er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistentar / fagarbeidarar i høve til talet på barn. Vedtektene til Modalen barnehage fastset bemanningsnorma til seks barn pr vaksen. I barnehagelova og vedtektene er det fastsett kor mange barn det skal vere pr pedagogisk leiar. Barnehagen er stengt i veke 29.

Visjonen til barnehagen er «Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus». Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. Me nyttar oss av arbeidsmåtane «Mange intelligensar (MI)» og Dei utrulege åra (DUÅ).

**Dette året har:**

- alle tilsette har fått tilbod om medarbeidarsamtalar.
- me gjennomført vernerunde
- me arbeidd med førebygging mot mobbing
- me hatt ressursteam ein gang pr. månad. Dette er eit samarbeid mellom tilsette frå PPT, styrar og dei pedagogiske leiarane. Tidleg tiltak.
- me gjennomført arbeidsmiljøundersøkinga for andre gang.
- me hatt ei oppgradering på uteområdet, me har fått ny sjørøverskuta.
- me hatt både lærling og lærekandidat i barnehagen

**KORONA**

Året 2021 var òg prega av Koronasituasjonen og me opplevde ulike restriksjonar i barnehagen. Me har vore både på grønt og gult nivå når det gjeld smittevernstiltak. Me hadde utbrot av korona to ganger i 2021, utan at det vart eit stort smitteutbrot. I desember 2021 stengte barnehagen måndag 27.desember for å få oversikt over smittesituasjon.

**OVERGANG BARNEHAGE SKULE**

For å byggja gode relasjonar og sikra ein god overgang for førskulebarna prøver me å få til jamlege

besøk mellom skulen og barnehagen. Grunna koronna har ein måtta sett på andre tilvenningsmåtar enn dei me har i planane våre. Førskuleveka vart gjennomført ved at førskulebarna var på skule og SFO heile veka. Elles har førskulebarna fått tilbod om å vera saman med SFO i feriar på skulen.

**FORELDRESAMARBEID**

Me har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om foreldresamtalar enten digitalt eller i papirform vår og haust. Grunna korona vart det ikkje holdt foreldremøte våren, men me gjennomførte foreldremøte hausten 2021.



**ØKONOMI**

| | Rekneskap | Budsjett | Avvik | Avvik i % | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
| Barnehage | 5 293 849 | 5 210 742 | 83 107 | 1,6 % | 4 633 661 |

- Årsaka til avviket er i hovudsak pensjonsutgift som vart høgare enn lagt til grunn (Sjå eigen kommentar om pensjon i Økonomikapitlet).
- Tal på årsverk pr mai 2021 var 10,57 årsverk inkl styrkingstiltak.
- Me har drifta barnehageplassar for nabokommunane Vaksdal og Lindås.

# Pleie- og omsorgstenesta



**TENESTER OG OPPGÅVER**

Ved Modalstunet vert det gjeve teneste innan pleie- og omsorg etter søknad.

Modalen kommune har disponert 7-9 institusjonsplassar til eigne innbyggjarar inklusiv korttidsopphald og avlastning.

Det har vore 8 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet i 2021, som er 9 mindre enn i 2020 og 11 utskrivingar, av desse fire dødsfall.

Me har fokus på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Samstundes vurderer me tiltak som kan redusera utgiftene, men likevel gje ei stabil og god drift.

**Dagtilbod**
11 brukarar har nytta tilbodet i 4 mnd, då tilbodet har vore stengt resten av året grunna pandemien.

**Heimehjelp**
4 brukarar har i snitt motteke ca 7 timar praktisk bistand pr. veke.

**Heimesjukepleie**
13 brukarar har i snitt motteke ca. 28 timar heimesjukepleie pr. veke.

**Tryggleiksalarmar**
9 brukarar har nytta tryggleiksalarm.

**Utkøyring av mat til heimebuande**
2 brukarar har motteke middag heim pr. veke.

**OVERORDNA MÅL FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA**

Gode, brukartilpassa tenester.
God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trong.
Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.
Eit godt miljø der både brukarar og tilsette skal trivast.
Pårørande skal føla seg velkomne, og dei skal kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.
Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeider i pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune.

**Personell**

2021 har vore eit år med ca 5,7 % høgare sjukefråvær enn i 2020. Kjøp av privat vikarteneste har vore naudsynt gjennom heile året for å kunne drifta eininga. Det har vore store utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar til ledige stillingar, og difor nytta innleige av vikarar.

Måla for 2021 i høve fokus på sjukefråvær har vorte arbeidd med kontinuerleg gjennom IA- avtalen.
Myndiggjering av tilsette er vidareført og vert kontinuerleg arbeidd med.
Ulike velferdsteknologiske løysingar er implementert i institusjon og heimetenesta. Reforma «Leve hele livet» har vorte arbeidd med gjennom året og er vedteke i kommunestyret. Handlingsplan i høve arbeidsmiljøundersøkinga har vore fast på personalmøter med tilsette.

**Kjøkken og vaskeri**

Kjøkkenet har fokus på «Mat som medisin» då det er ein samanheng mellom kosthald, ernæring og helse. Vaskeriet tilbyr vask av klede til bebuarar.

**AKTIVITET**

Det har vore noko avgrensa aktivitet i tenesta då koronapandemien òg har prega 2021.

Frå 27.05.21 vart det utarbeidd nye retningslinjer, der bebuarane igjen kunne ta i mot besøk. Det har vore eit krevjande år for tilsette og bebuarar, ut frå at pandemien har styrt oss med opning og stenging i periodar gjennom året. Bebuarane har kjent på at det har vore vanskeleg å ikkje kunne få ha besøk av sine næraste i store deler av året. Det vart kjøpt inn eit nettbrett, slik at me har gjeve tilbod om digitale samtalar med pårørande for dei som ynskte det.
Ein har kunna nytta uteareal til turar og aktivisert bebuarar gjennom bingo og ulike aktivitetar inne.
Tilsette og bebuarar har vist stor vilje til å klare kvardagen i høve pandemien med godt samhald og gode samtalar gjennom året.
Me har søkt og fått midlar av Statsforvaltaren i høve tiltak til eldre på institusjon og heimebuande i høve pandemien. I regi av midlane har me arrangert bilturar med middag på Mobryggja for eldre på institusjon og heimetenesta saman med sine pårørande. Det har gjeve den eldre litt av kvardagen tilbake saman med kjente og kjære.
Det har vore underhaldning 17.05 i Sansehagen i regi av Diakoninemnda. I tillegg har det vore konsertar som har vorte «streama» som underhaldning for bebuarane, bl.a julekonsert frå Mo kyrkje. Julebord

vart arrangert 7.desember for dei eldre på Modalstunet med underhaldning.

**Plan for aktivitetar i 2022:**
Implementering og klargjering til drift av Velferdsteknologiprosjektet i tenesta.
Journalsystem - oppgradering evt nytt system er planlagt.
Implementering av ICNP verkty i fagsystemet.
Oppstart med «Leve hele livet reforma»
Oppstart med «Gode pasientforløp i tenesta»
Fast underhaldning 1 gong pr. mnd med ulike aktørar.
Starte opp igjen med tilbodet med trim til eldre i samfunnshuset på Øvre Helland
Starte opp igjen med dagtilbod demente for heimebuande
Bilturar for bebuarar og aktivitetar på Modalstunet

**ØKONOMI**

| | Rekneskap | Buds(end) | Avvik | Avvik i % | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
| Pleie og omsorg | 20 556 429 | 20 313 156 | 243 273 | 1,01% | 19 165 035 |

Meirforbruk i 2021 kjem i hovudsak på grunn av ledige sjukepleiarstillingar som er dekka med vikarar frå privat byrå i tillegg til byrå kommunen har rammeavtale med. Det har òg vore ein del auke i utgiftene i høve bruk av smittevernutstyr, samt noko høgare pensjonsutgift enn lagt til grunn i budsjettet (Sjå eigen kommentar om pensjon i Økonomikapitlet). Inntektene er høgare enn budsjettert særleg tilskot frå staten, men mykje av desse midlane er øyremerka midlar som skal nyttast i 2022, og er sett av til bundne fond.

# Helsesenteret

**TENESTER OG OPPGÅVER**
Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsesenteret. Under Modalen helsesenter er følgjande tenester organisert: legekontor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

**Legekontor**
Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommuneoverlege. Vi samarbeider med andre Nordhordlandskommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det var ca. 500-520 personer som har hatt fastlege ved kontoret i 2021. Listetaket er på 600.

**Legekontor – Mål for 2021**
Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med:

1. god tilgjengelegheit
2. akseptable ventetider for legetime
3. fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og naudsynt helsehjelp til andre som oppheld seg her:
- vanleg timebestilte konsultasjonar
- timar på dagen for tilstander som krev det
- akuttmedisinske konsultasjonar og utrykkingar
- planlagde sjukebesøk til eldre med kroniske eller akutte sjukdomar
- førebyggjande helsearbeid
-samarbeid med eksterne helse og sosiale tenester

**Måloppnåing:**
Vi har hatt redusert tilgang på legetimar i 2021. Dette skuldast at kommunelegen gjennom 8 år slutta og kommunen greidde å rekruttere ny kommunelege i redusert stilling. Kommunen har òg hatt legevikar så sjølv om det har vore eit annleis år grunna pandemi har ventetid på vanleg time oftast vore under 14 dagar. Legekontoret  har hatt store oppgåver med koronatesting, rådgjeving i høve symptom, oppfølging av sjuke og handtering av massetesting. Me har hatt mykje arbeid med å oppdatere oss kring pandemien.

**Kommunefysioterapeut**
Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eit årsverk. Tenesta heldt til på Helsesenteret på Mo.  Alle Innbyggjarar i Modalen kan få tilbod om tenesta ved behov, uavhengig av om dei bur heime eller på institusjon. Pårørande, foreldre eller samarbeidspartar kan ta kontakt. Fysioterapeuten har ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar. Tross noko ekstra arbeid knytt til pandemien, har fysioterapiteneste vore drifta tilnærma normalt.

**Tenesta omfattar:**
-Undersøking, funksjonsvurdering av born, vaksne og eldre.
-Individuell behandling, råd og rettleiing for å betre og bevare funksjon, samt førebyggje sjukdom og skade.
-Trening med sikte på at brukaren skal klare daglege funksjonar. Legge til rette for meistring av aktivitetar som kan være viktige for å leve eit aktivt liv og ta del i samfunnet.

-Tverrfagleg samarbeid med legetenesta, psykisk helse, barnehage, skule, aldersheim og heimetenesta.
-Førebyggjande helsearbeid og opplæring.
-Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Vurdere behov for koordinator eller individuell plan. Vere med å setje mål for habilitering/rehabilitering og hjelpe å finne koordinator.
-Utprøving, søknad om og oppfølging i bruk av tekniske hjelpemiddel for å bevare eller betre funksjon. Oppfølging av hjelpemiddellageret.
-Rettleiing ved tilpassing av bustad etter funksjonstap.

**Kommunefysioterapeut – Mål for 2021**
Ha ei fagleg god utøving av alle ansvarsområda som ligg i stillinga.

**Måloppnåing:**
Fysioterapeuten har vore tilgjengeleg for timebestillingar gjennom heile året. Fysioterapeuten har jobba med oppgåvene som er skissert gjennom heile året, og desse er i hovudsak oppnådd.

**Helsestasjon**
Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år.
Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge. I 2021 har ein av helsesjukepleiarane tilsett i Masfjorden kommune har vore hjå oss i 30 % stilling. Helsesjukepleiar har vore i Modalen kvar torsdag og elles tilgjengeleg på mobil og e- post for brukarane frå Modalen. Helsesjukepleiar har òg vore sentral i covid-vaksineringa.

Helsesjukepleiar har ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er lege fast tilgjengeleg ved 6 vekers, 6 månaders, 1-års og 2-års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking. Helsestasjonen er lokalisert i helsesenteret på Mo og har i 2021 hatt ope 1 dag per veke, kvar torsdag. Helsestasjonen har gitt tilbod om at foreldre med dei minste borna får komme på helsestasjonen kvar månad første leveår og seinare ved 15 og 18 månadar og til 2- og 4-års kontrollar. Oppfølging av barn med spesielle behov oftare. Helsesjukepleiar deltek på tverrfaglege oppfølgingsmøter som gjeld barn med ulike utviklingsvanskar. Denne tenesta har vore i tilnærma full drift gjennom heile korona-året 2021.

**Skulehelseteneste**
Helsesjukepleiar er på skulen kvar torsdag med tilbod om vaksinasjon etter Folkehelsa sine tilrådingar og nasjonale retningsliner for skulehelsetenesta. Helsesjukepleiar har «dropp-inn» på skulen med låg terskel for elevar, foreldre og lærar. Dette tilbodet vert nytta . I tillegg deltek helsesjukepleiar på oppfølgingsmøter som gjeld barn med samansette utviklingsvanskar for å sikre oppfølginga.

**Tverrfagleg samarbeid.**
Helsesjukepleiar samarbeider tett med legetenesta , psykisk helse, kommunefysioterapeut, tilsette i skule, barnehage, PPT og barnevern.

**Helsestasjon – Mål for 2021**
Måla i 2021 er å ha ei teneste på helsestasjonen og i skulehelsetenesta som er i tråd med nasjonale retningslinjer. I tillegg arbeide for helsefremmande og forebyggande helsestasjonsteneste i Modalen kommune.

Søknad om Prosjekt støtta av statsforvalteren som ville gje oss høve til helsesjukepleiar i 100 % stilling i 2021 vart søkt og innfridd.

**Måloppnåing:**
Helsesjukepleiar har hatt ein særs travel arbeidskvardag grunna liten ressurs og arbeid med covid-vaksinering i tillegg til oppgåvene på helsestasjon og skule. Helsesjukepleiar har òg vore med å legga til rette for ny konstituert helsesjukepleiar som starta 1.januar 2021.

**Psykisk helseteneste**
Lokalt psykisk helsearbeid skal bidra til fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den einskilde, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å fremje meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddelproblem eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlasting. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune har òg ansvar for tenester til menneske med psykisk utviklingshemming.

Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Det er tilsett sjukepleiarar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i 2 årsverk. Det er i tillegg tilsett kommunepsykolog i 20 % stilling. Ca. 10 % stillingsressurs har vore brukt til personale som gjev individuell jobbstøtte.

**Psykisk helseteneste - Mål 2021**
1. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskeltilbod. Dette betyr at pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.
2. Psykisk helseteneste skal vere ein del av prosjektet lågterskeltilbod til born og ungdom støtta av statsforvalteren
3. Kommunen skal utgreia, førebyggja og behandla lette psykiske lidingar.
4. Kommunen skal ha oversikt over den psykiske folkehelsa.
5. Kommunen skal førebyggja psykisk sjukdom.

**Måloppnåing 2021**
Psykisk helse er eit etablert lågterskeltilbod til ungdom i grunnskule og vidaregåande skule, gjennom tett samarbeid med skule og foreldre. Det er nær kontakt mellom fastlege og den psykiske helsetenesta slik at pasientar hjå legen får informasjon og tips om korleis det kan etablerast kontakt med psykiatrisk sjukepleiar. I overkant av 20 personar, born, vaksne og eldre, nyttar seg av jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i Modalen kommune.

Det psykiske helsearbeidet i Modalen har i 2021 omfatta:

- støtte til elevar i vidaregåande opplæring
- støtte til unge som har droppa ut av skule og arbeidsliv
- samarbeid med Nav, barneverntenesta, PPT, OT-tenesta (oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men ikkje har skuleplass eller arbeid)

- å vere til stades i skulemiljøet på Mo skule, uformell kontakt med elevane
- samtalar med elevar i grunnskulen, foreldra og andre ressurspersonar rundt desse
- tildeling og oppfølging av støttekontaktar
- utarbeiding og koordinering av individuell plan
- støtte til vaksne som treng det
- oppfølging i samarbeid med spesialisthelsetenesta ved alvorlege, langvarige problem/lidingar
- koordinering av "Støtteteam ved kriser"
- deltaking ved samarbeidsprosjektet Ungdomskontakten Salto i Knarvik
- aktiv deltaking i kommunalt oppvekst-team

Personalet i den psykiske helsetenesta har gjennom heile 2021 vore ein del av kommunen sitt Koronateam. Til tider har store deler av arbeidsdagen gått med til testing, smittesporing, beredskap og vaksinering. Sjølv om ein har prioritert oppfølging av tenestemottakarane, har dette ført til redusert fokus på systemarbeid og samarbeid med ulike instansar.

**ØKONOMI**

| | Rekneskap | Buds(end) | Avvik | Avvik i % | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2021 | | | 2020 |
| Kommunelege | 7 079 666 | 6 517 919 | 561 747 | 8,6 % | 6 141 472 |

**Kommunelege – meirforbruk kr 561 747.**

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Utgifter til legevikar frå vikarbyrå
- Annonseutgifter
- Opplæring
- Utstyr
- Auka pensjonsutgift (Sjå eigen kommentar om pensjon i Økonomikapitlet)

# Teknisk etat

**TENESTER OG OPPGÅVER**
Teknisk sjef har leiaransvar for teknisk etat. Under teknisk etat er følgjande tenester organisert: Landbruk, vaktmeistertenesta, reinhald og administrasjon.

Når det gjeld brann er kommunen ein del av Nordhordland brann og redning (NHBR).

På teknisk etat er det samla 12,9 årsverk. Tilsette på teknisk etat: 7 tilsette på reinhald, 6 tilsette på uteseksjonen, 2 tilsette på landbruk/skogbruk og 3 tilsette i administrasjonen.

Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avlaup
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggjesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved ulukke eller vasskade

**Overordna mål**

- Trivsel for den einskilde innbyggjar i kommunen.
- Yta god service til publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd
- Arbeida for å betra kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg
- Gjennomføra tiltaka i økonomiplanen .

**Mål for 2021:**

- Fullføre bygging av «Nærings – og tenestesenter på Mo».
- Fullføre bygging av Dagsturhytta.
- Fullføre felles plan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø.

**Måloppnåing**

- **Fullføre bygging av «Nærings – og tenestesenter på Mo».**

Målsetjinga er oppnådd. Kommunestyret vedtok 14.06.2018 bygging av nytt nærings- og tenestesenter, jamfør sak 031 / 2018. Realisering av Modalen nærings- og tenestesenter er eit strategisk grep for å utvikle nye arbeidsplassar og styrke næringslivet i kommunen, i samsvar med Strategisk Næringsplan for Modalen og Kommuneplan for Modalen 2015 – 2026. Modalen nærings- og tenestesenter vart klar for innflytting desember 2021.

- **Fullføre plan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø.**

Målsettinga er oppnådd. Prosjektet vert fullført i starten på  2022.

- **Fullføre bygging av Dagsturhytta.**

Målsettinga er oppnådd.

**Kart og oppmåling**

I 2021 er det oppmålt tre eigedomar og ført inn to nye eigedomar i matrikkelen. Elles er det lagt inn ein eigedom i kartet som tidlegare berre har vore registrert i grunnboka.
Det er starta opp jordskifte på to eigedomar.
I samband med geovekstprosjekt leia av Statens Kartverk, vart det teke nye ortofoto av Modalen.

**Byggeaktivitet.**

Det er ein søknad om løyve til bygging av bustad i  2021.
Det er ikkje gjev  ferdigattest på bustad i 2021.
Det vart gjeve mellombels bruksløyve på Modalen nærings- og tenestesenter.
Det vart gjeve rammeløyve og igangsetjingsløyve til bygging av pumpehus for levering av sløkkjevatn til nærings- og tenestesenter og Mobryggja.
Det vart gjeve løyve til oppføring av Dagsturhytta.

**Investeringar:**

**Investering i nærings- og tenestesenter**

Kommunestyret i Modalen kommune har vedteke i sak 45, i 2014 å utarbeide eit skisseprosjekt for «Modalen nærings- og tenestesenter» i Mo sentrum.
Etter ein open anbodskonkurranse i 2015 inngjekk Modalen kommune kontrakt med HRTB Arkitekter om prosjektering av nærings -og tenestesenteret. I november 2015 vart skisseprosjektet presentert for Kommunestyret.
I august 2017 vart HRTB Arkitekter engasjert til å utarbeide eit revidert skisseprosjekt basera på eit justert rom- og funksjonsprogram. Kommunestyret fekk presentert revidert skisseprosjekt i desember 2017.
Deretter vart HRTB Arkitekter engasjert til å revidere framlagt skisseprosjekt med sikte på å redusere areal og kostnadar.
I januar 2018 låg det føre eit revidert skisseprosjekt saman med justert rom- og funksjonsprogram, justerte arealoversiktar basert på skisseprosjekt-teikningar og justert kostnadsestimat utarbeidd av Bygganalyse AS.
Kommunestyret vedtok 14.06.2018 bygging av nytt nærings- og tenestesenter, jamfør sak 031/2018.
Kommunen ynskjer å vidareføre samarbeidet med HRTB Arkitekter innanfor dei rammene som konkurransen i 2015 mogeleggjer.
I løpet av oktober 2018 blei tilhøve som er avgjerande for at prosjektet skal gjennomførast på ein god måte i samsvar med kommunen sine ambisjonar og forventningar identifisert og samanfatta i eit arbeidsnotat.
Endeleg utgåve av notatet er datert 12.11.2018. Notatet gjer greie for aktuelle oppgåver, status og ansvarsdeling. I denne samanheng fungerer HRTB Arkitekter som kommunen sin rådgjevar.
Modalen kommune gjennomfører byggjeprosjektet som ei totalentreprise. Det vart utarbeida eit forprosjekt som var grunnlag for innhenting av anbod. Lars Jønsson AS vann anbodet. Byggeprosjektet

starta opp august 2020 og vart ferdigstilt og klart for innflytting desember 2021.

**Kommunale bygg**

Modalen kommune har i dag 24 bueiningar. Bueiningane er av varierande alder og kvalitet. Kommunale bustader oppgraderast stort sett etter behov ved skifte av leigetakar.
I 2021 vart nordaustfasaden på Kleivane 19-23 rehabilitert. Veggen vart etterisolert, fekk ny kledning samt alle vindauger og ytterdører på fasaden vart skifta. Det vart også skifta ytterdør på vestvendt gavlvegg samt vindauger og boddør i kjellar

**Dagsturhytta**

Arbeidet med å etablera Dagsturhytta haldt fram i 2021. Kommunestyret tilrådde i februar at hytta skulle plasserast ved Steinavatnet. Grunna snøforholda i fjellet vart ikkje tomtebefaringa gjennomført før 04.06.2021. Dette medførte at ein måtte skyva på framdriftsplanen i høve oppføring av hytta.
Grunnarbeidet tok til i byrjinga av september, sjølve monteringa av hytta tok til i midten av september.
Medan hytta vart oppført vart det samstundes tilrettelagt med terrasse rundt hytta og sanitæranlegget, samt merking av sti med skilt frå parkeringsplassen og rundt Steinavatnet.
Tidleg i november vart Dagsturhytta overlevert til Modalen kommune.
Modalen kommune lyste ut namnekonkurranse kor det kom inn heile 40 forslag. Vinnaren av konkurransen vart Elisabeth Wassberg Apalseth, med namnet Olav Nygards Bu.
Kommunen sin eigeninnsats har vore god, spesielt uteseksjonen har bidratt godt i dette prosjektet. Dei har mellom anna har gjort ein god jobb med rydding av tomta, produksjon av ved, skilting av sti, og transport av inventar og utstyr.
Mykje av inventaret og utstyret kom på plass på hytta akkurat i tide før vinteren kom, mellom anna ei bålpanne kommunen fekk i gåve frå idrettslaget. Likevel gjenstår enno noko arbeid for at hytta skal vera komplett. Arbeidet heldt fram i 2022.

**Diverse investeringar innan vatn og avlaup**

Det vart ikkje gjennomført oppgradering/fornying innan vatn og avlaup av investeringsmessig karakter.

**Leikeplass Øvre Helland**

Leikeplassen på Øvre Helland vart oppgradert i 2021. Etter anbodskonkurransen var det Trigonor som fekk jobben med å utbetra leikeplassen. Det vart sett opp eit nytt dissestativ, tunnelsklie, vippedyr og multifunksjonsapparat. Nytt fallunderlag i heilstøpt gummi (EPDM) og rulleplen tilknytt eksisterande plen utanfor sikringssonene til apparata. Uteseksjonen tok arbeidet med riving og deponering av gamalt utstyr.
Prosjektet hadde ei kostnadsramme på kr 950 000 og vart gjennomført til ein samla kostnad på kr 900 791.

**Ras bak Bryggjeslottet**

28. mai 2021 gjekk det eit ras bak Bryggjeslottet. Kommunen tok umiddelbart kontakt med NVE.
NVE sette kommunen i kontakt med NGI som dei har rammeavtale med. Geologar frå NGI var tilstades i Modalen for å kartleggje rasstaden i midten av juni. Arbeidet med å rassikra Bryggjeslottet vart delt inn i tre fasar. Fase ein omhandla arbeid med reinsk for å fjerna den umbiddelbare faren for steinsprang, fase to omhandlar vidare sikringstiltak i form av bolting. Fase tre omhandlar sikringstiltak i form av utvida skredvoll med sikringsgjærde på toppen eller eit fanggjerde på bakken.
NGI utarbeidde ei skildring «Midlertidig sikring av Bryggjeslottet» denne vart nytta som grunnlag for utlysing av anbod. Gjerden Fjellsikring AS vant denne anbodskonkurransen og arbeidde i 2021 med å reinska fjellsida. Dette arbeidet vart avslutta i slutten av desember. Paralellt med reinskearbeidet kartla også Gjerden Fjellsirking AS behovet for bolting.

Modalen kommune er særs nøgd med samarbeidet mellom Kommunen, NGI og Gjerden Fjellsikring AS. Raset som gjekk i mai, samt sikringsarbeidet, medførte mellom anna skadar på Bryggjeslottet, og behov for nedstenging av bygget og området rundt. Den auka aktivitetet i sentrum grunna bygging av Modalen nærings- og tenestesenter, og arbeid med rassikring samstundes som delar av sentrum vart sperra av, medførte utfordringar spesielt i høve parkering og trafikkavvikling.

Fase 2 og fase 3 av sikringsarbeidet samt reparering av skadane på bygget er planlagt å ta til tidleg i 2022.

**Innkjøp av leikeapparat til barnehagen**
Barnehagen fekk i 2021 montert eit sjørøvarskip på uteområdet sitt. Apparatet vart sett opp av Teknisk etat – uteseksjonen.

**Kommunale vegar**
I 2021 vart dei kommunale vegane kosta og sandfang tømt. Grøfter langs dei kommunale vegane vart reinska. Det vart ikkje asfaltert kommunale vegar i 2021.

**Diverse investeringar innan vatn og avlaup**
I løpet av 2021 har det vert stort fokus på utarbeiding av kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret i februar.
I november vart det vedteke å sende planutkastet ut på høyring med høyringsfrist på seks veker.
Det vert arbeidd vidare med kommunedelplanen i 2022, der høyringsinnspel vert svart ut, planen ferdigstillast og vert meldt opp til handsaming i kommunestyret.

**Ungjobb 2021**
I 2021 hadde teknisk etat fleire sommarvikarar tilsett. Sommarvikarane på teknisk etat gjode ein flott jobb. På uteseksjonen var hovudfokuset å få rydda delar av stien frå Mo til Neset langs ferdavegen. På reinhald har det vore særs viktig å fylgja smittevernstiltaka i form av mellom anna punktvasking, dei har bidratt godt i forhold til å redusera smittefaren i lokala til kommunen.

**Brann og redning**

**Brann og redning (operativ avdeling):**
01.01.2019 slo kommunane Modalen, Lindås, Austrheim, Radøy og Meland seg saman til Nordhordland brann og redning (NHBR). Frå 2020 omfattar samarbeidet kommunane Modalen, Austrheim og Alver der Alver kommune er vertskommune for samarbeidet. Brannvernet er leia av brannsjef Karl Johannes Romarheim. Brannsamarbeidet har felles administrasjon lokalisert ved hovudstasjonen i Knarvik.
Som 2020 var 2021 prega av korona og koronatiltak. NHBR fortsette med strenge smittevernrutinar til bruk ved øvingar og aksjonar, for å sikre oss at beredskapen til ei kvar tid er oppretthalde.
Den nye brannstasjonen i Modalen vart opna i 2020 og har vorte svært godt tatt imot. Me arbeidde i 2021 med organisering av stasjonen for å utnytte fasilitetane best mogeleg. Ved den nye stasjonen er HMS godt ivareteke for mannskapa, spesielt med tanke på «rein brannmann».
Det er engasjerte mannskap tilknytt stasjonane Mo og Øvre Helland, og dei leverer gode tenester til innbyggjarane i kommunen.

**Øvingar**
Alt mannskap skal øva 40 timar pr. år og øvingane skal innehalda oppgåver/ferdigheiter som ein treng ved aksjonar. Til tross for korona vart alle praktiske øvingane gjennomført i 2021. Øvingane vart i stor grad leia av utrykkingsleiarane frå Modalen, men det vart også gjennomført øvingar med instruktørar frå andre stasjonar i NHBR. Øvingane har hatt fokus på blant anna elv, og dei risikoane som er i kommunen. I tillegg har utrykkingsleiarane fått auka kompetanse på leiing av skadestaden («7 trinnsmodellen»). Denne opplæringa er i startfasen og får fokus òg i 2022.

**Oppdrag/aksjonar**
Det har vore eit «normalt år» med antal utrykkingar i Modalen. Ein har vore ute på fleire trafikkulykker, bistand til andre brannvesen, first responder, skorsteinsbrann med meir.

**Innkjøp 2021**
Lettbåt Mo stasjon:
Det er kjøpt inn Pionèr 15 fot lettbåt på hengar som skal stå på Mo stasjon. Denne vil lett kunne takast ut og fraktast om ein måtte trenge den på sjø eller vann.

Flaumvernutstyr:
Det vart søkt fylkeskommunen om midlar til flaumvernutstyr. Det vart satt ned ei arbeidsgruppe som kartla behov, samt henta inn prisar. Det vart kjøpt utstyr for kring kr 900 000. Utstyret er prøvd ut og mannskapa i Modalen har fått opplæring. Utstyret vil vere ei god hjelp til sikring av bygg og vegar ved eventuell flaum. Det er kjøpt inn tilhøyrande hengar for å frakte utstyret.

Ny mannskapsbil (kombibil) i Modalen:
I 2019 starta arbeidet med innkjøp av 3 nye bilar i NHBR. Bilane skulle vore på plass i slutten av 2021, men grunna utfordringar kring anbodsprosessen er dette forseinka med omlag eit år.

Andre innkjøp:
Slangemateriell, slangereol, slangerullar med meir.

**Førebyggande arbeid - NGIB**
Arbeidet til NGIB har òg i 2021 vore prega av koronatiltaka. Tiltaka utfordra det førebyggjande arbeidet og ein måtte raskt finna nye måtar å gjennomføra arbeidet på. I tillegg måtte NGIB i lengre periodar arbeida frå heimekontor, noko som har utfordra samhandling og produksjon.

I kortare periodar (når smittesituasjonen tillèt det) gjennomførte me tilsyn med oppmøte. Men mange av tilsyna (§-13 objekt) vart òg i 2021 gjennomført som eigenmelding. Med det opprettheld vi ein god dialog med objektet. I tillegg blei opplæring og informasjon i 1. og 6. klasse avlyst grunna korona.

NGIB starta i 2019 med å utvikla ein ny digital løysing for saksbehandling i samarbeid med Nordhordlandskart. Målet er å utvikla eit framtidsretta verktøy til det førebyggande arbeidet. Dette arbeidet hadde stort fokus i 2020 og vart arbeidd vidare med i 2021.

Samarbeid med helse- og omsorgsetatane i kommunane er prioritert slik at ein når risikogrupper og individ på ein god måte. Dette fokuset held fram i åra framover.

I tillegg arbeider NGIB med å posisjonera seg internt i kommunane slik at ein kjem tidleg inn i prosessar t.d. i byggesaker for å ivareta brann sine interesser på eit tidleg tidspunkt.

**Feiing og bustadtilsyn:**
NHBR sin avdeling hadde eit tilnærma normalt år i Modalen i 2021. Me hadde fokus på kommunale bustader og fekk utført både tilsyn og feiing på bygga som var tilgjengelege. Det vart også gjennomført tilsyn/feiing på DNT hytta, Skavlabu.
Me har god oversikt over objekta i Modalen og har i 2021 oppdatert fagsystemet Komtek opp mot avgift/fakturering.

Me fekk gjennomført det me hadde planlagt utanom 2 dagar med tilsyn som måtte avlysast grunna koronarestriksjonar.

| Tlf tilsyn (Korona tiltak) | Antall utførte tilsyn | Antall utførte feiinger | Sotbrann | Fresing | Varslet tilsyn Ikke utført | Varslet feiing Ikke utført |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 5 | 47 | 94 | 1 | 1 | 49 | 40 |

**Kalkstasjon ved  Espeneset**
Året 2021 hadde mindre nedbør og snø i fjellet enn året før, og det vart brukt 769m$^3$ biokalk 75 ved kalkdoseringsanlegget. Anlegget gjekk utan stopp og utan reparasjonar utover normalt vedlikehald. Kalkdoseringsanlegget sin driftsperiode er frå 1. desember – 1. juli. Perioden 1. desember – 15. mars med PH 6.2, perioden 15. mars – 1. juli med PH 6,5. Målingar av PH-verdi skjer på målestasjon ved Mo skule.

**Vaktordning/ utetenesta**
Vaktordninga har fungert bra i 2021. Me har hatt ein del utrykningar kor dei fleste gjeld tett kloakk, stans i vassforsyning og utkopling av utstyr ved straumstans samt utrykning i forbindelse med raset som gjekk bak Bryggjeslottet.

**Reinhaldstenesta**
Reinhaldarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds– og bemanningsplanar. Det har vore nedvask på de fleste offentlege bygga i kommunen. Me har eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester.

**Landbruk:**
I Modalen er det 9 aktive bønder, av desse driv 4 med mjølkeproduksjon, 1 driv med ammeku og sau og 4 bruk har berre sau.  Aktiviteten i landbruket utløyser i overkant av 2,5 millionar kroner i produksjonstilskot og avløysartilskot. I Modalen kommune er det omlag 1 625 dekar med jordbruksareal i drift.

Ordninga med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Det var tildelt kr 30 000  tilskot til restaurering av Tverrdalstølen på Øvre-Helland.

Modalen har sommarstid eit stort tal sauer frå heile regionen på beite, og beitelaga gjer ein god jobb med å organisera dette. Det var 5 aktive beitelag i kommunen i 2021. Kommunane har frå 2020 hatt ansvaret for  tilskotsordninga til investeringar i beitefelt, og prioritering dette året har vore investeringar i teknologi

knytt til beitebruk og tilskot til sankegjerder. Nordhordland beitelag søkte og fekk kr 13 500 i tilskot til sankeradioar og hjartestartar . Dette er teknologi som gjer arbeidet med tilsyn og sanking lettare i krevjande terreng.

**Vassdragsforvaltning**

**Vilkårsrevisjon Steinsland/Modalsvassdraget**

NVE sendte ut revisjonsdokument for Steinslands-/Modalsvassdraget på høyring juli 2021.

Hovudformålet med vilkårsrevisjonen var å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. Det er kun konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen. Føremålet med høyringa var å få synspunkt/fråsegn på aktuelle problemstillingar.

Under høyringsperioden stilte Modalen kommune krav vedrørande:

- Fisketrappa
- Habitat (minstevassføring, temperatur, sedimentasjon etc.)
- Kultivering av anadrom fisk
- Framande artar
- Turvegar og drikkevatn
- Flaumreglement og flaumsikring

Eit av dei viktigaste punkta for kommunen var å sikre bevaring/oppgradering av fisketrappa i Hellandsfossen. Multiconsult v/Morten Kraabøl vart leigd inn for å utgreie fisketrappa, og det vart identifisert 11 problem for oppvandring og 3 problem for nedvandring. Rapporten med føreslåtte tiltak for utbetring vart sendt til NVE som ein del av høyringsuttalen.

**Mudring av utløpet i Mofjorden**

Ved utløpet i Mofjorden har det i ei årrekke bygget seg opp ein sand/steinbanke frå sedimenttransport av elva. Sand/steinbanken er no er av eit så stort omfang at den både hindrar båttrafikk til kai og småbåtbrygge, den utgjer òg ein risiko for oversymjing/flaumskadar i Mo sentrum. For å hindre vidare oppbygging av sand/steinbanken og dermed gje betre tilgang for båttrafikk, samt hindre framtidige flaumskadar i Mo sentrum er det ønskjeleg å mudre arealet kor sand/steinbanken ligger for å gje ein gjennomsnittsdjupne på 3 meter. Arealet som planleggast mudra er ca. 380 m2, noko som resulterer i ca. 9500 m3 masse. Tiltaket er planlagt utført ved sugemudring frå båt.

Kommunen har vore i dialog med Statsforvaltaren i Vestland angåande tiltaket, og det skal søkast rettleiing frå NVE ihht spørsmål om konsesjonsplikt ved eit slikt tiltak. Statsforvaltaren har òg stilt krav om at mudringa må gå føre seg utanom smoltvandringsperioden.

**Pilotprosjekt Ope landskap - beiting med geit Modalen kommune**
I samband med plassering av dagsturhytta ved Steinavatnet sette Teknisk etat/Landbruk i gang eit pilotprosjekt med beiterydding ved hjelp av geit og ny beiteteknologi (no fence) på begge sider av turstien

langs vatnet.  Geit er godt eigna til oppgåva, då dei et mykje busker og kratt. Dei vil på den måten gjenopne og halde ved like vegetasjon rundt og langs stien, og gjera turopplevinga enno betre.

Den kommunale arbeidsgruppe har bestått av : Njål Eidsnes, Maya Greve, Laila Bjørge og Tone S. Skuggevik. Arbeidsgruppa har hatt ansvar for planlegging, organisering  og rapportering av  prosjektet

Prosjektet har hatt samarbeid med bønder frå Eksingedalen: Evelyn Gullbrå, Gøril Kvinge Nesheim,  Lars Bjarte Nesheim og Kjetil Vassenden med føretaket/org.nr  977 06 4422.  Dei hadde ansvar for å transportera dyra inn og ut av beiteområdet, samt tilsyn og oppfølging av dyra undervegs.  10 geit pluss kje beita området i 2 månader med godt resultat.  Det vart løyvd kr 30 000 frå næringsfondet til prosjektet. Prosjektet er evaluert og ein av erfaringane er at det bør forlengast med 1-2 år for å få meir varig resultat.



*Figur 1 Geit med sommarjobb i Modalen og bilete av stien etter att geitene har beita vekk alt som er grønt.*

**Landbruksplast**
Ordninga med innsamling av landbruksplast stoppa opp i 2019 på grunn av endringar i lovverket, dårleg avsetning av brukt plast og fall i råvareprisen for resirkulert plast. Dette gjaldt heile Noreg. Modalen Bondelag og kommunen  har arbeida med å sjå på nye løysingar for innsamling og levering. Det er i 2021 ikkje funne løysing på korleis ein kan få til ei ordning med innsamling av landbruksplast, men bøndene kan levera gratis til Grønt punkt på Voss eller i Bergen.

**Bondelunsj/fagmøte**
Koronasituasjonen har gjort at det ikkje har vore arrangert bondelunsj eller fagmøte i 2021.

**Skog**
Det vart ikkje avverka tømmer eller massevirke i Modalen i 2021.

**Hjorteviltforvaltning**
Dei tre valda i Modalen vart i 2016 ein del av bestandsplanområde Storfjellet. Bestandsplanområdet inkluderer Modalen, delar av Eksingedalen og delar av Voss. Det vart utarbeidd og godkjent ein ny felles bestandsplan for bestandsplanområde. Bestandsplanområdet vert administrert av Vaksdal kommune, då dei har størst teljande areal i området. Samarbeidet mellom kommunane og bestandsplanområdet fungerer godt. Det vart i 2021 felt 88 hjort i Modalen, og fellingsprosenten var 83.

**Framtid**
***Visjon:*** trygg og skapande.

***Overordna verdigunnlag:***

- Bærekraftig samfunnsutvikling
- Tryggleik og livskvalitet
- Openheit og samhandling

**Økonomi**

| | | Rekneskap | Budsjett | Avvik | Avvik i % | Regnskap |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2021 | 2021 | | | 2020 |
| Teknisk | | 15 118 715 | 15 299 425 | -180 710 | -0,99 % | 14 896 363 |

Rekneskapen for 2021 syner eit mindreforbruk på kr 180 710. Avvik i 2021 knyt seg i hovudsak til:

- Lågare utgift grunna reduksjon av innkjøp/materiell
- Lågare utgift til tenestekjøp/kommunesamarbeid enn budsjettert
- Meirutgifter knytt til Korona-pandemien
- Meirutgift knytt til pensjon. (Sjå eigen kommentar om pensjon i Økonomikapitlet)

# MODALEN KOMMUNE



# REKNESKAP 2021

1 Modalen kommune – 2022 – 05.04.22

# Innhold

Løyvingsoversyn – drift ....3
Spesifikasjon av løyvingar drift ....4
Budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – drift ....4
Løyvingsoversyn – investering ....5
Budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – investering ....6
Investering i varige driftsmidlar ....6
Økonomisk oversikt – balanse ....7
Økonomisk oversikt - drift ....9
Noter til rekneskapen: ....10
Note 1 - Endring i arbeidskapital ....10
Note 2 - Pensjon ....10
Note 3 - Garantiansvar pr 31.12.2021 ....12
Note 4 - Fordring og gjeld til komm. foretak, bedrifter og samarbeid, jfr kommunelova §§ 11 og 27 ....12
Note 5 - Aksjer og andelar i varig eige ....13
Note 6 - Avsetning og bruk av fond ....13
Note 7 - Forskottering av vegar ....14
Note 8 - Kapitalkonto ....15
Note 9 - Finansforvaltning ....16
Note 10 - Tilgang og bruk av Næringsfondet ....17
Note 11 - Sjølvkost ....18
Note 12 - Ytingar til leiande personar og revisor ....18
Note 13 - Prinsipp og vurderingsreglar ....18
Note 14 - Spesifikasjon av vesentlege, uvanlege postar/transaksjonar/forpliktelsar/strykningar ....19
Note 15 - Anleggsregisteret ....19
Note 16 - Utlån ....19

# Løyvingsoversyn – drift

| | Note | Rekneskap | Justert budsj | Oppr budsj | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **2021** | **2021** | **2021** | **2020** |
| 1 Rammetilskudd | | 23 317 389,00 | 24 200 000,00 | 24 374 000,00 | 23 608 612,00 |
| 2 Inntekts- og formueskatt | | 13 927 201,76 | 11 344 000,00 | 10 250 000,00 | 12 152 304,00 |
| 3 Eiendomsskatt | | 22 572 581,00 | 22 570 000,00 | 22 400 000,00 | 22 368 812,00 |
| 4 Andre generelle driftsinntekter | | 22 107 075,00 | 21 840 000,00 | 22 040 000,00 | 21 800 267,00 |
| **5 Sum generelle driftsinntekter** | | **81 924 246,76** | **79 954 000,00** | **79 064 000,00** | **79 929 995,00** |
| | | | | | |
| 6 Sum bevilgninger drift, netto | | 72 799 917,03 | 74 207 234,00 | 72 447 234,00 | 72 638 934,62 |
| | | | | | |
| 7 Avskrivninger | 9,15 | 6 215 326,00 | 6 625 600,00 | 6 625 600,00 | 6 131 292,00 |
| 8 Sum netto driftsutgifter | | 79 015 243,03 | 80 832 834,00 | 79 072 834,00 | 78 770 226,62 |
| | | | | | |
| 9 Brutto driftsresultat | | 2 909 003,73 | -878 834,00 | -8 834,00 | 1 159 768,38 |
| | | | | | |
| 10 Renteinntekter | | 225 529,24 | 200 000,00 | 200 000,00 | 362 912,40 |
| 11 Utbytter | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 3 540,00 |
| 12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | | 89 319,74 | 100 000,00 | 100 000,00 | 140 577,49 |
| 13 Renteutgifter | | 518 116,94 | 550 000,00 | 550 000,00 | 406 788,34 |
| 14 Avdrag på lån | 9 | 1 611 930,00 | 1 600 000,00 | 1 280 000,00 | 880 590,00 |
| 15 Netto finansutgifter | | -1 815 197,96 | -1 850 000,00 | -1 530 000,00 | -780 348,45 |
| | | | | | |
| 16 Motpost avskrivninger | 9,15 | 6 215 326,00 | 6 625 600,00 | 6 625 600,00 | 6 131 292,00 |
| 17 Netto driftsresultat | | 7 309 131,77 | 3 896 766,00 | 5 086 766,00 | 6 510 711,93 |
| | | | | | |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | |
| 18 Overføring til investering ***)** | | -8 556 600,15 | -8 557 490,00 | -6 199 490,00 | -12 481 069,85 |
| 19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond | 6 | -1 203 419,44 | 649 800,00 | 649 800,00 | -61 833,97 |
| 20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond ***)** | 6 | 2 450 887,82 | 4 010 924,00 | 462 924,00 | 5 121 993,90 |
| 21 Dekning av tidligere års merforbruk | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 910 197,99 |
| **22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat** | | **-7 309 131,77** | **-3 896 766,00** | **-5 086 766,00** | **-6 510 711,93** |
| | | | | | |
| 23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk) | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |

***) Presisering ang korrigering av tabelloppsett i høve tilsvarnade oppsett i dokumentet Budsjett og økonomiplan 2021-2024**

Tabelloppsettet for Opprinneleg budsjett er korrigert når det gjeld bruk av disposisjonsfondsmidlar til å finansiere investeringsutgifter.

Etter endring av kommunelova og ny økonomiforskrift frå og med 2020, skal bruk av disposisjonsfond kun førast i driftsrekneskapen. Bruk av disposisjonsfond til å finansiere investeringsutgifter skal såleis førast i driftsrekneskapen og så overførast til investeringsrekneskapen gjennom posten «Overføring til investering»

I tabelloppsett i budsjettdokumentet er bruk av disposisjonsfondsmidlar til å finansiere investeringar ført direkte i investeringsrekneskapen i linja Netto avs til eller bruk av ubundet inv.fond.

**Korrigeringa påverkar oversyna:**

Løyvingsoversyn – drift: Linje 18 og linje 20.
Løyvingsoversyn – investering: Linje 20 og linje 22
Økonomisk oversikt drift – Linje 25 og linje 27.

Korrigeringa endrar ikkje budsjettert bruk av fondsmidlane, men kun i kva oppsett dei vert synleggjort. I Løyvingsoversyn drift aukar opprinneleg budsjett for bruk av disposisjonsfond såleis med kr 6 199 490 og Overføring til investering aukar tilsvarande med kr 6 199 490. I Løyvingsoversyn investering får me tilsvarande ein auke i opprinneleg budsjett på posten Overføring frå investering med kr 6 199 490, og reduksjon av posten Netto avs til eller bruk av ubunde inv.fond med same beløp.

# Spesifikasjon av løyvingar drift

| | Note | Rekneskap 2021 | Justert budsj 2021 | Oppr budsj 2021 | Reknesk 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| Rådmannen/sentraladm | 14 | 11 797 135,53 | 13 075 575,00 | 14 675 575,00 | 16 986 989,77 |
| Kultur | | 1 697 587,40 | 1 984 828,00 | 2 484 828,00 | 1 299 742,16 |
| Næring | 10 | 2 633 304,05 | 2 250 163,00 | 2 250 163,00 | -826 573,61 |
| Sosial og barnevern | | 1 394 195,97 | 1 817 400,00 | 1 517 400,00 | 1 492 370,80 |
| Skule | | 12 222 717,75 | 11 979 440,00 | 11 979 440,00 | 11 645 815,90 |
| Barnehage | | 5 293 849,97 | 5 210 742,00 | 5 050 742,00 | 4 633 661,08 |
| Pleie og omsorg | | 20 556 429,96 | 20 313 156,00 | 16 713 156,00 | 19 165 035,82 |
| Kommunelege | | 7 079 666,35 | 6 517 919,00 | 6 517 919,00 | 6 141 472,83 |
| Teknisk | | 15 118 715,25 | 15 299 425,00 | 15 299 425,00 | 14 896 362,69 |
| Sentrale postar | | -4 993 685,20 | -4 241 414,00 | -4 041 414,00 | -2 795 942,82 |
| **Sum** | | **72 799 917,03** | **74 207 234,00** | **72 447 234,00** | **72 638 934,62** |

# Budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – drift

| **Budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar, kommunelova 5-9** | **Rekneskap 2021** |
|---|---|
| **DRIFT:** | |
| **1 Netto driftsresultat** | **7 309 131,77** |
| 2 Avsetjingar til bundne driftsfond | -1 353 012,82 |
| 3 Bruk av bundne driftsfond | 149 593,38 |
| 4 Overføring til investering i henhold til årsbudsjettet og fullmakter | -8 556 600,15 |
| 5 Avsetjing til disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter | -8 437 213,00 |
| 6 Bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudsjetttet og fullmakter | 11 468 525,15 |
| 7 Budsjettert dekning av tidlegare års meirforbruk | 0,00 |
| **8 Årets budsjettavvik (Meir- eller mindreforbruk før strykingar)** | **580 424,33** |
| *9 Strykning av overføring til investering* | 0,00 |
| *10 Strykning av avsetjing til disposisjonsfond* | 0,00 |
| *11 Strykning av dekning av tidlegare års meirforbruk* | 0,00 |
| *12 Strykning av bruk av disposisjonsfond* | 0,00 |
| **13 Meir- eller mindreforbruk etter strykning** | **580 424,33** |
| *14 Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets meirforbruk etter strykning* | 0,00 |
| *15 Bruk av disposisjonsfond for inndekning av tidlegare års meirforbruk* | 0,00 |
| *16 Bruk av mindreforbruk etter strykning for dekning av tidlegare års meirforbruk* | 0,00 |
| *17 Avsetjing av mindreforbruk etter strykning til disposisjonsfond* | -580 424,33 |
| **18 Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0,00** |
| | |

# Løyvingsoversyn – investering

| | Note | Rekneskap | Justert budsj | Oppr budsj | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **2021** | **2021** | **2021** | **2020** |
| 1 Investeringer i varige driftsmidler | 15 | 51 999 620,55 | 50 998 000,00 | 42 590 000,00 | 31 199 717,57 |
| 2 Tilskudd til andres investeringer | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 5 | 186 268,00 | 300 000,00 | 300 000,00 | 211 083,00 |
| 4 Utlån av egne midler | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 5 Avdrag på lån | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **6 Sum investeringsutgifter** | | **52 185 888,55** | **51 298 000,00** | **42 890 000,00** | **31 410 800,57** |
| | | | | | |
| 7 Kompensasjon for merverdiavgift | | 7 471 265,65 | 6 744 510,00 | 6 072 510,00 | 2 889 730,60 |
| 8 Tilskudd fra andre | | 990 000,00 | 1 130 000,00 | 0,00 | 50 000,00 |
| 9 Salg av varige driftsmidler | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 140 000,00 |
| 10 Salg av finansielle anleggsmidler | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 11 Utdeling fra selskaper | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 13 Bruk av lån | 9 | 32 788 000,00 | 32 788 000,00 | 28 540 000,00 | 17 400 000,00 |
| **14 Sum investeringsinntekter** | | **41 249 265,65** | **40 662 510,00** | **34 612 510,00** | **20 479 730,60** |
| | | | | | |
| 15 Videreutlån | 16 | 5 173 088,76 | 1 500 000,00 | 1 500 000,00 | 1 847 540,88 |
| 16 Bruk av lån til videreutlån | 9 | 3 043 829,76 | 1 500 000,00 | 1 500 000,00 | 1 835 072,00 |
| 17 Avdrag på lån til videreutlån | 16 | 507 654,00 | 360 000,00 | 360 000,00 | 426 473,00 |
| 18 Mottatte avdrag på videreutlån | | 2 636 913,00 | 360 000,00 | 360 000,00 | 438 942,00 |
| **19 Netto utgifter videreutlån** | | **0,00** | **0,00** | **0,00** | **-0,12** |
| | | | | | |
| 20 Overføring fra drift ***)** | | 8 556 600,15 | 8 557 490,00 | 6 199 490,00 | 12 481 069,85 |
| 21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond | 6 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -50 000,00 |
| 22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond ***)** | 6 | 2 078 889,85 | 2 078 000,00 | 2 078 000,00 | -1 500 000,00 |
| 23 Dekning av tidligere års udekket beløp | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger** | | **10 635 490,00** | **10 635 490,00** | **8 277 490,00** | **10 931 069,85** |
| | | | | | |
| 25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp) | | 301 132,90 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |

*) Sjå kommentar/presisering under løyvingsoversyn drift, side 3

# Budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – investering

| **Budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar, kommunelova 5-9** | **Rekneskap** |
|---|---|
| | **2021** |
| **INVESTERING:** | |
| **1 Sum utgift og inntekt eksklusiv bruk av lån** | **43 724 622,90** |
| 2 Avsetjing til bundne investeringsfond | |
| 3 Bruk av bundne investeringsfond | |
| 4 Budsjettert bruk av lån | 32 788 000,00 |
| 5 Overføring frå drift i henhold til årsbudsjett og fullmakter | 8 556 600,15 |
| 6 Avsetjing til ubunde investeringsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter | |
| 7 Bruk av ubunde investeringsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter | 2 078 889,85 |
| 8 Dekning av tidlegare års udekka beløp | 0,00 |
| **9 Årets budsjettavvik (udekka eller udisponert beløp før strykningar)** | **301 132,90** |
| *10 Strykning av avsetjing til ubunde investeringsfond* | 0,00 |
| 11 Strykning av bruk av lån | 0,00 |
| 12 Strykning av overføring frå drift | 0,00 |
| *13 Strykning av bruk av ubunde investeringsfond* | 0,00 |
| **14 Udekka eller udisponert beløp etter strykning** | **301 132,90** |
| *15 Avsetjing av udisponert beløp etter strykning til ubunde investeringsfond* | 0,00 |
| **16 Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)** | **301 132,90** |

# Investering i varige driftsmidlar

| | | **Note** | **Regnskap** | **Buds(end)** | **Budsjett** | **Regnskap** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | **2021** | **2021** | **2021** | **2020** |
| K03002 | Tilrettelegging for bustadareal | | 0 | 0 | 0 | 23 085 |
| K03068 | Nærings- og tenestesenter | | 38 192 509 | 38 590 000 | 38 590 000 | 19 045 549 |
| K03100 | Oppgradering brannstasjon | | 0 | 0 | 0 | 9 866 189 |
| K03102 | Oppgradering flytebryggja, Mobryggja | | 0 | 0 | 0 | 182 788 |
| K03107 | IKT-investering Mo skule | | 505 462 | 510 000 | 510 000 | 0 |
| K03109 | Oppgradering komm. bygg | | 308 866 | 300 000 | 300 000 | 253 817 |
| K03110 | Nytt dekke tennisbana Øvre Helland 2019 | | 0 | 0 | 0 | 521 732 |
| K03111 | Nytt dekke ballbingen Mo skule | | 0 | 0 | 0 | 225 453 |
| K03113 | VA-tiltak av investeringsmessig karakter 2019 | | 0 | 0 | 400 000 | 279 199 |
| K03116 | Uføresette investeringar | | 0 | 0 | 200 000 | 155 475 |
| K03117 | Ny bil til Modalstunet og barnehagen | | 799 219 | 800 000 | 0 | 0 |
| K03118 | Nye markiser Mo skule | | 0 | 0 | 0 | 211 620 |
| K03120 | Leikeapparat barnehagen | | 118 426 | 140 000 | 140 000 | 83 514 |
| K03121 | EL-anlegg industribygget, Hall B | | 0 | 0 | 0 | 256 297 |
| K03122 | VA-anlegg. Sprinkling Mo | | 3 811 986 | 4 248 000 | 0 | 95 000 |
| K03123 | Dagsturhytte | | 1 949 847 | 1 950 000 | 500 000 | 0 |
| K03124 | Ventilasjonsanlegg Modalstunet | | 0 | 100 000 | 500 000 | 0 |
| K03125 | Oppgradering leikeplass Øvre Helland | | 900 791 | 950 000 | 950 000 | 0 |
| K03126 | Oppgradering uteområde Mo skule | | 0 | 500 000 | 500 000 | 0 |
| K03127 | Rassikring ved Bryggjeslottet | | 5 412 515 | 2 910 000 | 0 | 0 |
| | | | | | | |
| | **T O T A L T** | **15** | **51 999 621** | **50 998 000** | **42 590 000** | **31 199 718** |

# Økonomisk oversikt – balanse

| | Note | Rekneskap | Rekneskap |
|---|---|---|---|
| | | **2021** | **2020** |
| **EIENDELER** | | | |
| **A. Anleggsmidler** | | **346 969 311** | **302 270 035** |
| I. Varige driftsmidler | | 212 531 948 | 166 778 053 |
| 1. Faste eiendommer og anlegg | 15 | 207 103 925 | 161 876 428 |
| 2. Utstyr, maskiner og transportmidler | 15 | 5 428 023 | 4 901 625 |
| | | | |
| II. Finansielle anleggsmidler | | 27 234 950 | 24 760 260 |
| 1. Aksjer og andeler | 5 | 10 552 792 | 10 366 524 |
| 2. Obligasjoner | | 0 | 0 |
| 3. Utlån | 16 | 16 682 158 | 14 393 736 |
| | | | |
| III. Immaterielle eiendeler | | 0 | 0 |
| IV. Pensjonsmidler | 2 | 107 202 413 | 110 731 723 |
| | | | |
| **B. Omløpsmidler** | | **43 583 311** | **44 568 465** |
| I. Bankinnskudd og kontanter | 1,9 | 10 920 816 | 16 639 856 |
| | | | |
| II. Finansielle omløpsmidler | | 16 379 070 | 14 789 750 |
| 1. Aksjer og andeler | 1,9 | 16 379 070 | 14 789 750 |
| | | | |
| III. Kortsiktige fordringer | | 16 283 425 | 13 138 859 |
| 1. Kundefordringer | 1 | 3 157 159 | 2 423 553 |
| 2. Andre kortsiktige fordringer | 1 | 11 029 798 | 5 820 130 |
| 3. Premieavvik | 1,2 | 2 096 469 | 4 895 177 |
| **Sum eiendeler** | | **390 552 622** | **346 838 501** |
| | | | |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **C. Egenkapital** | | **182 929 783** | **178 084 861** |
| I. Egenkapital drift | | 21 666 870 | 22 914 339 |
| 1. Disposisjonsfond | **6** | 7 759 228 | 10 210 116 |
| 2. Bundne driftsfond | **6** | 13 907 642 | 12 704 223 |
| 3. Merforbruk i driftsregnskapet | | 0 | 0 |
| | | | |
| II. Egenkapital investering | | -251 133 | 2 128 890 |
| 1. Ubundet investeringsfond | **6** | 0 | 2 078 890 |
| 2. Bundne investeringsfond | **6** | 50 000 | 50 000 |
| 3. Udekket beløp i investeringsregnskapet | | -301 133 | 0 |
| | | | |
| III. Annen egenkapital | | 161 514 046 | 153 041 632 |
| 1. Kapitalkonto | **8** | 161 978 161 | 153 505 747 |
| 2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift | | -424 203 | -424 203 |
| 3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering | | -39 912 | -39 912 |
| | | | |

1 Modalen kommune – 2022 – 05.04.22

| | Note | Rekneskap | Rekneskap |
|---|---|---|---|
| | | **2021** | **2020** |
| **D. Langsiktig gjeld** | | **185 625 674** | **150 942 642** |
| I. Lån | | 72 996 043 | 40 827 627 |
| 1. Gjeld til kredittinstitusjoner | **9** | 72 996 043 | 40 827 627 |
| II. Pensjonsforpliktelse | **2** | 112 629 631 | 110 115 015 |
| | | | |
| **E. Kortsiktig gjeld** | | **21 997 165** | **17 810 999** |
| I. Kortsiktig gjeld | **1** | 21 997 165 | 17 810 999 |
| 1. Leverandørgjeld | | 10 326 283 | 9 166 359 |
| 4. Annen kortsiktig gjeld | **1** | 11 673 260 | 8 608 870 |
| 5. Premieavvik | **2** | -2 377 | 35 770 |
| **Sum egenkapital og gjeld** | | **390 552 622** | **346 838 501** |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| **F. Memoriakonti** | | **0** | **0** |
| I. Ubrukte lånemidler | | 634 526 | 2 178 356 |
| II. Andre memoriakonti | | 0 | 0 |
| III. Motkonto for memoriakontiene | | -634 526 | -2 178 356 |

# Økonomisk oversikt - drift

| | Note | Rekneskap | Justert budsj | Oppr budsj | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | **2021** | **2021** | **2021** | **2020** |
| 1 Rammetilskudd | | 23 317 389 | 24 200 000 | 24 374 000 | 23 608 612 |
| 2 Inntekts- og formuesskatt | | 13 927 202 | 11 344 000 | 10 250 000 | 12 152 304 |
